

Masteroppgåve

Ibsen på nett

Ein analyse av litteraturformidlinga og etosen til Wikipedia og Store norske leksikon

Hedda Hjortdal

NOR4091 – Masteroppgåve i nordisk, Lektorprogrammet
30 studiepoeng

Institutt for lingvistiske og nordiske studium
Det humanistiske fakultet

Universitetet i Oslo
Vår 2023



Ibsen på nett

Ein analyse av litteraturformidlinga og etosen til Wikipedia og Store norske leksikon

Hedda Hjortdal



Manuskriptet brennes. Litografi av Håkon Bleken (1987)

© Hedda Hjortdal

2023

Henrik Ibsen på nett – Ein analyse av litteraturformidlinga og etosen til Wikipedia og Store norske leksikon

Hedda Hjortdal

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Grafisk senter, Universitetet i Oslo

Samandrag

Oppgåva analyserer litteraturformidlinga og etosen til encyklopediane Store norske leksikon (SNL) og Wikipedia med utgangspunkt i nettartiklane om Henrik Ibsen. Temaet ligg i eit møtepunkt mellom fleire fagtradisjonar innanfor nordisk-faget: Ibsen-studiar, litteraturformidling, retorikk og norskdidaktikk.

Med ein organisasjonsstruktur som forankrar SNL i akademisk forskingsformidling har leksikonet ein sterk innleiande og institusjonell etos. For Wikipedia, med anonyme bidragsytarar og mange fordommar knytt til seg, er ikkje etosen like stor verken innleiande eller institusjonell. Anonymitetten gjer at det for mange vert utrygt å stole på dei litterære analysane og vurderingane på Wikipedia. Men funna i denne studien tyder på at Wikipedia faktisk reflekterer delar av Ibsen-feltet betre enn SNL. Artikkelen på Wikipedia er både meir omfangsrik, refererer til nyare Ibsen-forsking, nyttar ein meir akademisk referanse-stil og presenterer informasjonen på ein meir mottakar-orientert måte. Dette er overraskande ettersom SNL har tilsett fagansvarlege professorar for kvalitetssikring av innhaldet. Det er professor i litteraturvitenskap, Erik Bjerck Hagen, som er fagansvarleg for artikkelen om Ibsen på SNL. Eg argumenterer for at posisjonen hans i det litterære forskingsfeltet påverkar bodskapen i artikkelen. SNL gir enkeltforskalar diskursiv makt over artiklar innanfor sine fagfelt og dette utfordrar målet til SNL om å vere ein upersonleg og balansert leksikon for forskingsformidling.

Basert på desse analysane spør eg om det er eit innebygd dilemma for litteraturformidling hjå nettleksikon at den kanskje ikkje kan vere nøytral, fordi litteraturformidling inneber å velje ut på bakgrunn av nettopp verdivurderingar. Til slutt drøftar eg nokre implikasjonar av funna i oppgåva, som eg meiner er relevante for alle som underviser og som møter spørsmål om bruk av Wikipedia og SNL.

Førord

Frå Blindern det berer.
Eg lyfter på hatt.
Gud veit no den dagen
når dit eg kjem att.

Far vel, Sophus Bugge!
i deg var det best:
der fann eg dei beste,
der lærte eg mest.

Fritt etter Aasmund Olavsson Vinje, «Frå byen det berer» (1860)

For meg markerer denne masteroppgåva slutten på mange års studium ved Universitet i Oslo, inkludert dei siste fem på lektorprogrammet. Eg kjenner meg heldig, rik og takksam.

Takk til førelesarar og seminarleiarar ved HF og ILN for støtta til å fordjupe oss i tekstane og lærelysta de har gitt oss. Takk til rettleiarane mine, Kristian Bjørkdahl og Ellen Rees, for faglege råd og engasjement i abeidet med oppgåva.

Takk til familie, vennar og kollegaer i Skrivesenteret for at de har heia frå sidelinja og for gode avbrekk frå skrivearbeidet. Takk til pappa, Asgerd, Kjersti, Malini og Henrik for at de har lese korrektur og gitt meg nyttige tilbakemeldingar.

Takk til alle på masterlesesalen i Henrik Wergelands hus for kollokvium, lunsjar, eksamensperiodar og torsdagspils, for samhald og gode vennskap. Ein spesiell takk til Maria for at du har vore min nærmeste kompanjong gjennom nordisk-studia.

Tusen takk til Blindern og UiO for ni år som student. Det har vore ei glede!

Blindern, 30. mai 2023

Hedda Hjortdal

Innholdsliste

1.	Introduksjon	1
1.1	Struktur	3
2.	Bakgrunn og relevant forsking	4
3.	Teoretiske perspektiv	8
4.	Analysemateriale og metode	10
4.1	SNL og Wikipedia: historie, retningslinjer og krav til utforming	11
4.2	Korleis vert artiklane laga?	13
4.2.1	Versjonsloggen til Wikipedia	13
4.2.2	Versjonsloggen til Store norske leksikon	15
4.3	Truverd gjennom transparens	16
5	Om Henrik Ibsen på Wikipedia og SNL	18
5.3	Teoretiske perspektiv på litteraturformidling, resepsjon og retorikk	18
5.4	Biografien	20
5.5	Forfattarskapen	23
5.6	Resepsjonen	27
5.7	Tilgjengeleg- og synleggjering, tilpassing og relevans	29
6	Om etosen til avsendarane	31
6.3	Teoretiske perspektiv på etos	31
6.4	Den institusjonelle etosen	32
6.5	Etosbygging gjennom design, referansar og fleirstemmighet	39
6.6	Samspelet mellom personleg og institusjonell etos	43
6.7	Er nøytral litteraturformidling mogleg?	49
7	Avslutning	50
8	Litteratur	52

1. Introduksjon

Eg vil starte med å skildre ei episode som eg kom på da eg var i idemyldringsfasen av denne oppgåva. For nokre år sidan såg eg *Hedda Gabler* oppført som ballett saman med tanta mi i operaen. Å sjå ei ballettframsyning utan replikkar, av eit teaterstykke som ein ikkje har så mykje kjennskap til, er krevjande. Tanta mi sökte difor opp Henrik Ibsen og *Hedda Gabler* tidlegare på dagen for å «lese seg opp» på handlinga og temaa i stykket. Når vi møttest hadde ho dermed nokre forventingar om kva ho skulle få sjå og større føresetnader for å forstå handlinga og å meine noko om korleis nettopp denne framsyninga presenterte temaa. Slik er det mange som nyttar nettleksikon som *Wikipedia* og *Store norske leksikon* (SNL) i det daglege, på universitetet og i skulen. Nettleksikon er lette portar til mykje informasjon, til dømes om litterære klassikarar. Og dette er noko av det eg synest har vore det mest spanande å utforske som student i nordisk, nemleg kva rolle litteraturen har i samfunnet vårt, korleis den vert nytta og opplevd av både skulelevar og andre.

Ibsen er ein av dei største og mest påverknadsrike dramatikarane i verds litteraturen. Han er ein viktig kulturberar, og ein sjølvsagt del av lærebøker i norskfaget. Samtidig er han tidlaus og internasjonal. Han vert ofte omtala som den mest spelte dramatikaren i verda etter Shakespeare og er rekna som far til det moderne drama. Litteraturvitaren Harold Bloom plasserer Ibsen, som einaste skandinav, blant dei tjueseks mest autoritative forfattarane i «den vestlege kanon» (Bloom, 1996). Ettermælet til Ibsen inkluderer òg eit internasjonal forskingsfelt. Forskingstidsskriftet *Ibsen Studies* vart oppretta i 1952 og senter for Ibsenstudiar vart grunnlagd i Oslo i 1992. Senteret er i dag verdsleiande i digital humaniora og har ansvar for ei rekke digitale ressursar for Ibsen-relatert dokumentasjon- og formidlingsarbeid. Ressursane er tilgjengelege i det virtuelle Ibsen-senteret på nettsidenes deira, og her kan vi mellom anna finne digitalt kommenterte utgåver og detaljert informasjon om oppsetjingar over heile verda.

Men det kan vere langt frå øvre Blindern til omverda. For dei som ikkje studerer eller forskar på Ibsen, er ikkje Ibsen-senteret den mest openberre plassen å starte. Det er nok heller internett og leksikon, definert på SNL som «oppslagsverk med forklarende artikler om ulike temaer. Noen leksika søker å dekke alle kunnskapsområder (kalt allmenleksikon eller encyklopedier), for eksempel Britannica, Store norske leksikon og Wikipedia» (Berg, 2022). Målet mitt med denne oppgåva er å undersøke og illustrere nokre implikasjonar av måten litteratur vert formidla på der. Meir spesifikt handlar det om artiklane om Henrik Ibsen på encyklopediane SNL og Wikipedia: i kva grad dei dekker kunnskapsbehov om Ibsen og kva

truverd (etos) dei har som avsendarar. Spesielt Wikipedia har knytt mange fordommar til seg når det kjem til truverd: Dei fleste som gjekk på skulen etter inntoget til Wikipedia har fått høre at dei må nytte sida med varsemd og kritisk sans fordi der kan «kven som helst» vere artikkelforfattarar. Det er dette paradokset som ligg bak val av tema for oppgåva: Det at dei fleste av oss ofte nyttar denne kjelda trass det omstridde truverdet. Og som framtidig norsklærar synest eg det er spesielt interessant å undersøke dette i samspel med litteraturformidling og Ibsen. Eg vil samanlikne artiklane på Wikipedia med dei på Store norske leksikon, som er anerkjend som ei kvalitetssikra kjelde for forskingsformidling.

Eg har undersøkt artiklane om Ibsen på SNL og Wikipedia med utgangspunkt i følgjande todelte problemstilling:

*Korleis vert kunnskap om Henrik Ibsen og verka hans formidla på SNL og Wikipedia?
Og korleis heng denne formidlinga saman med etosen til avsendarane?*

Før eg starta på prosjektet, var det nokre kritiske røyster som kunne kome med innvendingar som at informasjonen på nettet, og spesielt Wikipedia, endrar seg heile tida. Kva slags truverd har informasjonen då – og er det nokon vits i å analysere dette i ei masteroppgåve i nordisk litteratur? Kan vi eigentleg generalisere eller seie noko om det?

På grunn av desse forkunnskapane og fordommane har eg undersøkt versjonsloggane til artiklane for å sjekke om førestillingane våre om produksjonen av artiklane på leksikona stemmer. No er analysen gjennomført og svaret mitt er at ja, det stemmer at det er mange endringar, frå mange ulike bidragsytalarar. Men eg vil argumentere for ei nyansering av haldninga om at dette er problematisk. Encyklopediane er formidlarar av nordisk litteratur og Ibsen-studiar og er sakprosatekstar som vert mykje nytta både av skulelevar og andre. Dermed ligg temaet i eit møtepunkt mellom fleire fagtradisjonar innanfor nordisk-faget, som problemstillinga viser til: Ibsen-studiar, litteraturformidling, retorikk og norskdidaktikk.

På grunnlag av funn frå versjonsloggen og analysen min av både litteraturformidlinga og etosen argumenterer eg for ei nyansering av førestillingane vi har om både SNL og Wikipedia. Eg argumenterer for at artiklane på ulike måtar er gode formidlarar, men at begge – også SNL – har nokre utfordringar som spesielt er knytt til etos. For Wikipedia er det ikkje overraskande at anonymiteten til dei som skriv gjer at det kan vere utsikt å stole på litterære analysar og vurderingar. Men på den andre måtar reflekterer Wikipedia faktisk forskingsfeltet betre enn SNL. Og dette er overraskande ettersom SNL har tilsett fagansvarlege professorar som kvalitetssikring. Det er professor i litteraturvitenskap, Erik Bjerck Hagen, som har ansvar

for SNL sin artikkkel om Ibsen. Eit av funna mine er at posisjonen hans i det litterære forskingsfeltet påverkar bodskapen i artikkelen. Eg argumenterer for at den personlege etosen til Bjerck Hagen kjem i konflikt med den institusjonelle etosen til SNL.¹ Med dette kan ein òg seie at SNL gir enkeltforskarar diskursiv makt over artiklar innanfor sine fagfelt. Dette utfordrar målet til SNL om å vere ein upersonleg og balansert leksikon for forskingsformidling. Basert på dette drøftar eg om litteraturformidling i denne sjangeren er ekstra utfordrande: litteraturformidling inneber utveljing og verdivurderingar som står i motsetning til kravet om nøytralitet som vi knyter til leksikon. Til slutt i oppgåva drøftar eg didaktiske implikasjonar. Vurderingane av SNL og Wikipedia er relevante for alle som underviser, både på universitet og i skulen. Vidare meiner eg det er potensiale for mykje spanande norskundervising med grunnlag i denne oppgåva – frå kjeldekritikk til litteraturformidling.

1.1 Struktur

Etter denne introduksjonen kjem ei avklaring av bakgrunn, relevant forsking og kort om kva teoretiske perspektiv eg nyttar i analysane. Eg presenterer også noko teori undervegs i oppgåva, i forkant av dei relevante analysane, for å unngå ei framtung oppgåve. Etter første drypp av teori kjem metodedelen der eg skildrar måten eg har analysert versjonsloggane. Denne analysen er grunnlaget for å forstå korleis artiklane på nettleksikona har blitt til. Så kjem eit analysekapittel som svarar på fyrste del av problemstillinga, og handlar om litteraturformidlinga til nettleksikona. Eg analyserer og samanliknar artiklane på SNL og Wikipedia både med kvarandre og i utvikling over tid med fokus på kva bodskap mottakaren får om Ibsen sin biografi, forfattarskap og resepsjonen av han. I neste analysekapittel svarar eg på andre del av problemstillinga, og fokuserer på SNL og Wikipedia sine personlege og institusjonelle etosar. Eg drøftar korleis avsendarane både har ulike innleiande etos, og korleis dei bygger etos i teksten og gjennom organiseringa av leksikonet. Før eg avsluttar det heile, drøftar eg implikasjonar og relevans av funna og analysane eg har gjort.

¹ Erik Bjerck Hagen vert vanlegvis omtala med begge etternamn, difor gjer eg det òg.

2. Bakgrunn og relevant forsking

Fordi tema i denne oppgåva ligg i eit møtepunkt mellom fleire fagtradisjonar, er det ikkje heilt enkelt å plassere henne i ein fagleg diskusjon i nordisk litteratur. Eg vil likevel gjere greie for nokre relevante moment frå eksisterande arbeid.

Første del av oppgåva samanliknar det faktiske innhaldet på nettleksikona SNL og Wikipedia. Dette har blitt gjort før av to masterstudentar i høvesvis naturfagdidaktikk og samfunnsfagdidaktikk:

Snorre Zahl samanlikna fagleg kvalitet i naturfaglege artiklar på Wikipedia og SNL i masteroppgåva si frå 2009. Han nytta SNL som utgangspunkt og evaluerte om artiklane på Wikipedia hadde dårlegare, lik eller betre kvalitet enn det som er rekna som eit autoritativt og kvalitetssikra oppslagsverk. Zahl (2009) skriv at artiklane totalt sett kjem ganske likt ut. Men, han finn òg at det er ein tydeleg skilnad: Der SNL ikkje har nokon faktafeil eller grove manglar, fann han dette i nesten ein fjerdedel av dei femten Wikipedia-artiklane. På grunn av faktafeila konkluderer han med at Wikipedia samla sett ikkje har same faglege kvalitet som eit kvalitetssikra oppslagsverk (s. 3).

Synne N. Due analyserte kvaliteten på innhaldet i samfunnsfaglege artiklar på Wikipedia og SNL i ei masteroppgåve frå 2018. Analysen hennar viser liten skilnad i kvalitet mellom encyklopediane (s. 2). Due konkluderer med at ein kan nytte Wikipedia og SNL på lik linje som samfunnsfagleg ressurs og inngangsport til informasjon og kunnskap. Likevel skriv ho at det er avgjerande at elevane får opplæring i kjeldekritisk kompetanse gjennom aktiv kjeldeforskning, fagorientert tenking og refleksjon (2018, s. 2).

Det er sannsynleg at kvaliteten på Wikipedia auka frå 2009 til 2018 på grunn av fleire retningslinjer og høgare krav til referansar («Anbefalinger og retningslinjer», 2023). Det er likevel vanskeleg å seie at det faktisk er slik ettersom Zahl (2009) og Due (2018) sine analysar dreier seg om ulike felt – naturfag og samfunnsfag. Å konkludere med dette ville krevje ein grundig gjennomgang av informasjonen på nettsidene over tid. Dette gjer det òg vanskeleg å overføre funna eller samanlikne dei med analysen eg har gjort. Artiklane på nettleksikona har ulike forfattarar og kan endre seg raskt, så sjølv om ein finn manglar innanfor eit fagfelt i nettleksikona, vil ikkje det seie at situasjonen treng vere den same for artiklar om til dømes nordisk litteratur.

Men, så er ikkje målet mitt å gjere det same som desse masteroppgåvene. For fagleg kvalitet er berre ein del av det som utgjer karakteren og truverdet til ein avsendar. Eg har undersøkt versjonsloggar som viser korleis leksikonartiklane vert produsert og nyttar dette

som utgangspunkt for ein analyse av etos og litteraturformidling på leksikon. Det oppgåvane har til felles er at eg, slik som Zahl (2009) og Due (2018), utfordrar den allmenne førestillinga om SNL som ei meir nøytral – og betre – kjelde til informasjon enn Wikipedia.

Som avsendarar er den største skilnaden mellom SNL og Wikipedia kva tilknyting dei har til universiteta, og dette er i stor grad det som påverkar dei innleiane etosane deira. Organiseringa til Wikipedia, der alle kan vere vitskapsformidlarar, utfordrar hegemoniet akademia har på dette området. I ein artikkel frå 2011 spør Steve Fuller: «Can Science Survive its Democratization»? Det spesielle med universitetet som institusjon har lenge vore integrasjonen av forsking og undervising, som samla gjer kunnskap til eit offentleg gode (s. 26). Fuller har eit langsiktig tidsperspektiv og peikar på at universitetet, vitskapen og kunnskapsproduksjonen i samfunnet inntil relativt nyleg høyrt til elitane, men at endringa av organiseringa til universiteta har gjort det til allemanseige. Vidare knyter han internett og Wikipedia til ei utvikling som ytterlegare demokratiserer kunnskapsproduksjonen, men som òg desentraliserer han og kan utfordre og delegitimere den vitskaplege autoriteten som universiteta har hatt (2011, s. 21–23).

Denne legitimiteten er ein del av avsendaren sin etos. Og dette er det fleire som har drøfta i samband med Wikipedia.

Mark Kissling drøfta bruk av Wikipedia som kjelde i skulesamanheng i «A Call for Wikipedia in the Classroom» (2011). Han skriv at å auke elevane sin kunnskap om Wikipedia si oppbygning og funksjon vil vere ei betre tilnærming til bruk av Wikipedia i klasserommet enn å be elevane unngå å referere til det i det heile: «My message was that Wikipedia might be a good place to start – in fact, it's a great starting place – but it is not a good ending place» (Kissling, 2011, s. 61). Kissling viser til Keen (2007), som meiner at Wikipedia er ein «cult of the amateur», altså at kunnskap frå ekspertar vert bytta ut med ugrunna påstandar frå ikkje-ekspertar, som igjen fører til spreiling av feilinformasjon. Vidare refererer Kissling til Jaron Lanier (2011), som meiner at «Wikipedia seeks to erase point of view entirely» (s. 48). Poenget til Lanier er at Wikipedia skil teksten frå forfattaren slik at teksten skal verke meir objektiv og dermed meir udiskutabel og sann. Men i staden gjer det teksten mindre etterretteleg og dermed mindre påliteleg (2011, s. 48). Kissling (2011) konkluderer likevel med at det å styre elevane bort frå Wikipedia er å fornekte den verda dei lever i og at vi som lærarar heller må ta ansvar og lære elevane å nytte ressursane på gode og relevante måtar.

Dariusz Jemielniak og Eduard Aibar (2016) skildrar fleire vanlege oppfatningar om Wikipedia og akademia i «Bridging the Gap Between Wikipedia and Academia». Stikkord er mistru til det ein ser på som amatørforfattarar, at det er folkeleg heller enn fagleg basert og at

det er produsert kollektivt og difor ikkje kan ha høg nok kvalitet. I tillegg peikar Jemielniak og Aibar på ein «elefant i rommet», nemleg at Wikipedia utfordrar den etablerte modellen for kunnskapsspreiing og den tradisjonelle autoriteten til akademia (2016, s. 1774). Dette underbygger Fuller sitt argument om at Wikipedia og demokratiseringa av kunnskapen kan delegitimere universitetet sin vitskaplege autoritet (2011, s. 23). Oppsummert handlar reservasjonen mot Wikipedia om pålitelegheit. Vidare går artikkelen deira gjennom studiar av reliabilitet i Wikipedia-artiklar. Eit problem er at storleiken på Wikipedia gjer det vanskeleg å kvantitativt generalisere fordi ein ikkje har moglegheit til å sjå på heile oppslagsverket samla. Men til slutt peikar artikkelen på at folk sine haldningars til kvaliteten har blitt betre over tid, og at mange akademikarar no faktisk nyttar Wikipedia (Jemelniak & Aibar, 2016, s. 1774).

For å summere opp er det altså mykje forsking som viser at Wikipedia har ei problematisk form for kunnsapsformidling fordi innhaldet kan vere upåliteleg. Men denne skepsisen kan òg henge saman med ei frykt i akademia for å miste autoritet. Samtidig er det fleire som beviser at Wikipedia og SNL er like gode som kjelder, og Kissling (2011) skriv altså at vi med fordel kan nytte Wikipedia i klasserommet. På bakgrunn av dette trur eg mange av reservasjonane mot Wikipedia kan kome av mangel på kunnskap om korleis leksikonet faktisk er organisert og vert produsert – slik Kissling argumenterer for. Difor har eg lagt vekt på dette i undersøkingane mine.

Det siste eg vil trekke fram som bakgrunn for denne oppgåva er at ho er relevant for alle oss som skal undervise om Ibsen og litteraturformidling. Eg håper funna kan bidra til refleksjonar rundt eigen praksis og bruk av nettleksikon. Dette er spesielt aktuelt etter diskusjonen om kanon og litteraturformidling vi har sett i samband med dei nyaste læreplanverka i norsk.

Litteraturformidling er ein sentral del av norskfaget, og Ibsen ein sjølvsagt del av norske lærebøker. I 2005 uttrykte dåverande teatersjef og leiar for Ibsen-rådet, Bentein Baardson, at eit norskfag utan Ibsen er som kristendom utan Jesus (Harstad, 2005). Det verkar kanskje overdrive, men det seier noko om kor viktig Ibsen er for norskfaget og skulen. Utsegna var ein reaksjon på at kanon, med forfattar- og litteraturlister vart fjerna frå læreplanverket LK06 og framleis er fråverande i LK20. Fleire har uttrykt uro for korleis det ville gå med elevane sin kjennskap til Ibsen etter dette (Stenstad, 2006 og Gunleiksrud, 2005).

Men i 2019 undersøkte Sigrid Skaug og Marte Blikstad-Balas kva skjønnlitterære utdrag og heile verk som vert plukka ut av norsklærarar på vg3. Og til trass for at kanon ikkje lenger er ein del av læreplanen, kjem det fram at Henrik Ibsen framleis har ein sterk og stabil posisjon i litteraturundervisinga, både når det gjeld utdrag og heile verk. Med dette

argumenterer Skaug og Blikstad-Balas for at Ibsen er størst i det dei kallar ein «skjult kanon» i skulen (s. 98–99).

Dette aktualiserer kva for ein Ibsen elevane møter nettopp i skulen. Anne-Marie Rekdal skildrar utviklinga av Ibsen-biografien i lærebøker i skulen i *Den biografiske Ibsen* (2010). Lærebökene reflekterer både den akademiske fagtradisjonen sine skiftande paradigme, men kanskje mest ideologiske, kulturelle og strukturelle forhold som endringar i skulepolitikk og fagplanar. Rekdal skriv at dagens lærebøker reduserer omtalen av Ibsen sitt liv og verk til nokre linjer med enkelte tilfeldige moment (s. 9). Etter at nykritikken overtok for den historisk-biografiske litteraturforståinga som toneangivande teoriretning på det litterære feltet, skjedde det altså ei endring i utforminga av læreplanane: også elevane skulle frå då av primært lære seg å nærlse og tolke verka i seg sjølv, utan å nødvendigvis ha så mykje kunnskap om forfattaren sitt liv. Med dette utgangspunktet kjem forfattarbiografien i bakgrunnen i norskbökene. Det kan gjere at fleire søker seg til Wikipedia og SNL for informasjon om Ibsen. Og i dag er det dessutan fleire skular som vel å ikkje ha verken fysiske eller digitale lærebøker. Dette er ei relativt ny utvikling, og var nok ikkje relevant for Rekdal å drøfte i 2010, men det gjer det desto meir aktuelt å kaste lys over informasjonen vi kan finne på nettleksikona.

Bjerck Hagen sine artiklar er dei mest lesne på SNL med over 1 million lesingar i 2022. At artiklane hans er så mykje lese gir han diskursiv makt over dei artiklane han har ansvar for. Og han reflekterer sjølv over at populariteten nok kjem av at tekstane er relevante for skuleelevar:

Mest har det å gjøre med at norsk litteraturhistorie, dens store forfattere og de begreper som brukes om den (som romantikk, realisme og modernisme) fortsatt lever i skolen, ikke minst videregående. Så der har vi nok de fleste leserne. Så kan vi jo håpe at litteraturlesere flest også iblant blir nysgjerrige på Ibsen og Hamsun og de andre.
(Bjerck Hagen, sitert i Kandal-Wright, 2023)

Med dette som bakgrunn meiner eg det er viktig at informasjonen på nettleksikona er påliteleg og representativ for Ibsen-forskinga – og at han er tilpassa og relevant for mottakarane. Og det er nettopp det denne oppgåva undersøker.

3. Teoretiske perspektiv

Det er fleire teoretiske perspektiv frå litteraturformidling, resepsjon, retorikk og kommunikasjon som kastar lys over problemstillinga mi. Det viktigaste for å svare på problemstillinga er først å klargjere kva litteraturformidling og ethos faktisk er. Det første synst eg kjem godt fram i skildringa av masteren i litteraturformidling ved Universitetet i Oslo:

«Hva er litteraturformidling? Ordet finnes knapt i ordbøkene, og da bare i en snever betydning. Likevel er et bemerkelsesverdig høyt antall mennesker daglig opptatt med nettopp å formidle litteratur, enten i yrkessammenheng eller i fritiden.

Litteraturformidling utøves av lærere og bibliotekarer, forlagsfolk og journalister, skuespillere og oversettere, foreldre og bloggere. Litteraturformidling foregår i bokhandler, i lesesirkler og på festivaler.» (Universitetet i Oslo, 2023)

Litteraturformidling er tolking, tilarbeiding og vidareformidling av litteratur frå ein avsendar til ein mottakar. I denne prosessen vel formidlaren gjerne ut delar av ein forfattarskap eller eit verk og kommuniserer det på ein – etter sitt skjøn – høveleg måte for eit tiltenkt publikum. Litteraturformidling er altså kommunikasjon og overføring av kunnskap. Slik sett er det ei tydeleg kopling til retorikken sitt studium av tale- og kommunikasjonskunsten. Og det er her etosen kjem inn. For å skildre ethos er det naturleg å ta utgangspunkt i den klassiske retorikken. Etos tyder karakter eller personlegdom og er knytt til avsendaren av ein bodskap og kor karaktersterk eller truverdig han eller ho er (Vestrheim, 2018, s. 78). Avsendaren er avhengig av ein sterk ethos for å framstå som ein forstandig formidlar, til dømes av litteratur på nettleksikon. Eg utdjupar dei teoretiske perspektiva undervegs i oppgåva, etter kvart som dei vert nytta.

Grunnmuren for dei teoretiske perspektiva i denne oppgåva er inspirert av Helge Ridderstrøm og Tonje Volds (2015) *Litteratur- og kulturformidling. Nye analyser og perspektiver* der første kapittel har tittelen «Kulturformidlingens hva, hvordan og hvorfor. Teoretiske perspektiver». Utgangspunktet her er at eit konkret formidlingsprosjekt kan stille dei tre hovudspørsmåla: kva, korleis og kvifor? Altså: Kva vert formidla? Korleis vert det formidla? Og kvifor skal eller bør ein formidle nettopp dette? I tillegg kan ein spørje for kven og av kven det vert formidla, sidan medvit om avsendar og mottakar er viktig i alle formidlingssituasjonar (Ridderstrøm et al, 2015, s. 15). Desse spørsmåla er vidare knytt til kommunikasjon og retorikk og spesielt ethos, altså truverd. For bodskapen i alle formidlingssituasjonar er avhengig av at mottakaren trur på avsendaren og informasjonen som vert presentert. Ridderstrøm et al. (2015) argumenterer for tre omgrepspark som er spesielt

gode for å teoretisere kultur- og litteraturformidling. Dei er (1) tilgjengeleg- og synleggjering; (2) tilpassing og relevans; og (3) kvalitetsvurdering og verdigrunnlag (s. 22).

Første omgrepspark, tilgjengeleg- og synleggjering, er knytt til spørsmål om *kva* som vert formidla og *kva* som vert gjort tilgjengeleg for mottakaren. Dette peikar på gjenstanden for formidlinga og praksisen det vert formidla gjennom – i dette tilfellet nettleksikonartiklar (Ridderstrøm et al., 2015, s. 24). Formidling er ei form for utveljingsarbeid der avsendaren tek med noko og utelet noko anna. Dette gir avsendaren makt og ansvar. I litteraturformidling har avsendaren ansvar både overfor forfattaren av litteraturen ein formidlar og overfor mottakaren av litteraturformidlinga. Analysen min viser at SNL og Wikipedia trekkjer fram ulike delar av Ibsen-feltet, vektlegg ulike delar av Ibsen-resepsjonen og synleggjer referansar på ulike måtar.

Det andre omgrepsparket, tilpassing og relevans, dreier seg om korleis noko vert formidla. Det handlar om *kva* medium som vert nytta og om situasjonen for formidlinga. Relevante spørsmål her er kven avsendaren er og om formidlinga er tilpassa kommunikasjonssituasjonen og målgruppa (Ridderstrøm et al., 2015 s. 28). Eg meiner det er sentralt i denne samanhengen at artiklar på nettleksikon har eit spesielt føremål om nøytral og grunnleggjande kunnskapsformidling. I tillegg vektlegg eg at målgruppa for artiklane gjerne er skule-elevar. I denne oppgåva drøftar eg i kva grad artiklane er tilpassa målgruppa og på kva måte det påverkar etosen deira.

Tredje omgrepspark er kvalitetsvurdering og verdigrunnlag for formidlinga. Dette gjeld for det første kvifor noko skal verte formidla – altså *kva* verdiar litteraturen kan ha utover seg sjølv. Og for det andre handlar det om *kva* verdiar formidlinga – eller avsendaren – ønsker å realisere (Ridderstrøm et al., 2015, s. 32). Eg drøftar i kva grad litteraturformidlinga på SNL og Wikipedia synest å presentere nøytrale framstillingar av Ibsen og om dette i det heile teke er mogleg. Eg argumenterer for at bodskapen på SNL er sterkt kopla til forfattaren, Erik Bjerck Hagen, og hans verdiar og kvalitetsvurderingar.

4. Analysemateriale og metode

Problemstillinga spør både om litteraturformidling og etos, og her er det på sin plass med ei tydeleg forklaring av den metodiske tilnærminga. Det første eg vil gjere greie for er valet av tekstgrunnlag.

Når ein googlar Ibsen er dei tre første treffa på SNL, Norsk biografisk leksikon og Wikipedia. Wikipedia og SNL er valde som forskingsobjekt fordi dei er dei største og mest brukte fritt tilgjengelege norske nettleksikona. Norsk biografisk leksikon viser seg raskt å vere ei tvilsam kjelde. Starten av artikkelen møter lesaren med ein lysande gul faktaboks som åtvarar om at artikkelen ikkje er oppdatert sidan 2005 og dirigerer lesaren til SNL «for oppdatert informasjon» (Ystad, 2005). Difor, og på grunn av dei formelle avgrensingane ved oppgåva, har eg valt å ikkje ta med denne sida i analysen min.

Norsk biografisk leksikon (NBL) si omdirigering til SNL for «oppdatert informasjon», og det at SNL eig og publiserer NBL, gjer vidare at eg òg forventar å finne nettopp oppdatert informasjon på SNL («Norsk biografisk leksikon», SNL, 2023). Denne forventinga heng saman med det eg tolkar som ei allmenn oppfatning om at SNL er ei forskingsbasert og påliteleg kjelde til informasjon. Og på den andre sida har vi Wikipedia som, til samanlikning, gjerne vert oppfatta som mindre påliteleg og som ei kjelde vi ikkje burde nytte fordi her kan «kven som helst» legge inn informasjon. På grunn av desse forkunnskapane og fordommane har eg undersøkt versjonsloggane til artiklane for å sjekke om førestillingane våre om produksjonen av artiklane på leksikona stemmer.

Litteraturformidlinga av Ibsen skjer på nettsidene til leksikona gjennom tekst og bilete. Eg har analysert teksten med utgangspunkt i dei klassiske spørsmåla frå litteraturformidling som eg skildra på førre side: kva, korleis, kvifor, for kven og av kven? Desse tekstane kunne vore grunnlag for ein rein multimodal analyse av litteraturformidlinga om Ibsen. Eg har valt ut det eg meiner er dei mest relevante delane ved multimodal analyse for denne studien, og analysert trekk ved design, skrifttype og intertekstualitet. Analysen av etosen, karakteren og truverdet til artiklane er basert på to prosessar. Først eit omfattande forarbeid med kartlegging, samanlikning og analyse av versjonsloggane til begge leksikon. Forarbeidet skaper konteksten for ein analyse av litteraturformidlinga og korleis denne har utvikla seg over tid. Dette vert så grunnlag for ein retorisk analyse med vekt på personleg og institusjonelt etos. Gjennom den hermeneutiske metoden er målet å sjå dei ulike delane av analysen i lys av kvarandre for å svare på problemstillinga.

4.1 SNL og Wikipedia: historie, retningslinjer og krav til utforming

For å svare på korleis artiklane vert produsert på høvesvis SNL og Wikipedia, er det nyttig med ein kort presentasjon av korleis SNL og Wikipedia fungerer. Dette kan bidra til å forstå konteksten som litteraturformidlinga er presentert i.

SNL er eit gratis og fritt tilgjengeleg nettleksikon på bokmål og nynorsk. På framsida kan ein lese at dei har opptil 3,4 millionar brukarar månadleg og 600 000 leste artiklar kvar dag. SNL er eigd av dei norske universiteta, ideelle stiftingar og organisasjonar og er Noreg sin største nettstad.² SNL har ein liten, engasjert redaksjon som kontrollerer artiklane. Dei skriv ikkje innhald, men bestemmer dei redaksjonelle prinsippa og kva prioriteringar leksikonet skal vere drive etter. Vidare har SNL fagansvarlege som skriv mykje av innhaldet og som avgjer kva som vert publisert. Å vere fagansvarleg er eit honorert tillitsverv og det er redaksjonen i SNL som avgjer kven som får dette ansvaret. Det krev solid fagleg bakgrunn, det vil seie høgare utdanning og/eller lang erfaring og at ein har jobba med forsking og undervising («Fagansvarliginstruks», SNL, 2023).

Wikipedia er eit nettleksikon som vart starta den 15. januar 2001 av Jimmy Wales og Larry Sanger. Det vert gjeve ut av den ideelle stiftinga Wikimedia Foundation, som har hovudsete i USA. Den norske utgåva vart lansert den 26. november 2001. Det spesielle med Wikipedia var og er at «kven som helst når som helst kan redigere ein kva som helst artikk» («Wikipedia: Om», 2023). Det er mål om både kunnskapsformidling og demokratisering som ligg bak. Grunnleggjaren av Wikipedia, Jimmy Wales, uttrykte draumen om Wikipedia i eit intervju: «Imagine a world in which every single person on the planet is given free access to the sum of all human knowledge. That's what we're doing» (Wales, sitert i O'Sullivan, 2016, s. 77–78). I dag finst Wikipedia på over 200 språk, har totalt tre millionar artiklar og er det største oppslagsverket i verda («Wikipedia: Om», Wikipedia, 2023). Det er ope for at alle som har internett-tilgang kan legge til og redigere informasjon utan å måtte registrere seg som brukar (dei omtalar eg som bidragsytarar). Dan O'Sullivan meiner at grunnleggjarane av Wikipedia har realisert ambisjonane til biblioteket i Alexandria, Ming-

² Universitetet i Oslo, NTNU, Universitetet i Bergen, Norges arktiske universitet, Universitetet i Sørøst-Norge, OsloMet, Norges Miljø- og biovitenskapelige universitet, Universitetet i Stavanger, Nord universitet, JHøgskulen på Vestlandet, Norges musikhøgskole, Meteorologisk institutt, Nynorsk kultursentrum, Nasjonalmuseet, Det Norske Akademi for Språk og Litteratur, Det kongelige norske videnskabers selskab, Det norske videnskaps-akademiet, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening, Sparebank-stiftelsen DNB og Fritt Ord.

dynastiet sin encyklopedi og H.G. Wells sin draum om ein samla encyklopedi laga av vitskapsmenn frå heile verda (2016, s. 77–78).

Litteraturformidlinga til dei to nettleksikona skal følgje dei generelle råda for artikkelutforming på høvesvis SNL og Wikipedia. Forfattarrettleiinga på SNL seier at sjangerkrava til ein god leksikonartikkel er at den:

1. Er eksplisitt, presis og fortel det essensielle om temaet.
2. Har eit lett lesbart språk som er klart og pedagogisk.
3. Forklarar fagomgrepa som vert brukt og er skriven på norsk.
4. Skildrar, ikkje fortel, er forsiktig med litterære verkemiddel og utan klisjear.
5. Er analytisk, ikkje oppramsande.
6. Er balansert og utan eit implisitt verdisyn.
7. Ikkje er personleg.
8. Har god haldbarheit, så oppdateringar varer lenge.
9. Har riktig lengde. («Forfatterveiledning», SNL, 2023)

I prosjektsida til Wikipedia kan ein finne 40 sider under kategorien tilrådingar og 17 sider under kategorien retningslinjer. Alle skal sørge for at Wikipedia følgjer det dei kallar «dei fem søylene», som seier at leksikonet:

1. Er ein encyklopedi: Wikipedia definerer sjølv ein encyklopedi som «et oppslagsverk med artikler om menneskelig viten i en utførlighet som oppfyller et dagligdags informasjonsbehov»
2. Har ein nøytral synsvinkel
3. Er fritt tilgjengeleg
4. Har reglar for etikette
5. Ikkje har permanente reglar utanom dei fem søylene («Anbefalinger og retningslinjer», Wikipedia, 2023).

Retningslinjene til Wikipedia set ord på ein praksis det er forventa at bidragsytarane prøver å leve opp til. Under retningslinjer finn ein til dømes sider om nøyaktigheit og om opphavsrett til materiale. Tilrådingane er hjelp til korleis ein kan utforme spesifikke sider, som til dømes korleis ein biografi skal sjå ut og konvensjonar for å gi namn til artiklar. Desse skildrar praksis som er «underbygget av en uttrykt eller stilltiende konsensus». Vidare har Wikipedia tre retningslinjer for artikkelinnhald: verifiserbarheit, inga original forsking og nøytral ståstad («Anbefalinger og retningslinjer», Wikipedia, 2023).

Eg vil drøfte i kva grad begge artiklane oppfyller sine eigne råd for artikkelutforming. Dette handlar både om tilgjengeleg- og synleggjering, fordi det dreier seg om nettopp det å gjere tilgjengeleg det som er relevant for ein potensiell mottakar. Dermed er òg det andre omgrepsparet aktuelt: tilpassing og relevans. For korleis er innhaldet tilpassa og relevant for mottakarane eller målgruppa for artiklane?

4.2 Korleis vert artiklane laga?

Begge nettleksikona har versjonslogg som gir lesarane tilgang til alt av informasjon som har vore publisert eller foreslått publisert i artiklane. Eg starta prosjektet mitt med å kartlegge desse. Dette er sentralt for å svare på spørsmålet om kva og kven som ligg bak informasjonen og korleis artiklane faktisk har blitt til. Dette er nødvendig for å forstå nettopp det eg spør om i problemstillinga – det er både grunnlaget for formidlinga om Ibsen og for etosen til nettleksikona.

SNL har 53 versjonar medan Wikipedia har 1700 versjonar av artikkelen om Ibsen. Den store skilnaden i talet på versjonar, men òg måten versjonar vert til, registrert og tilgjengelege har verka inn på framgangsmåten i oppgåva. For å best svare på første del av problemstillinga «Korleis vert kunnskap om Henrik Ibsen og verka hans formidla på SNL og Wikipedia», har eg stilt følgjande spørsmål til materialet: Kva føringar for utforming ligg bak informasjonen på leksikona? Viser desse føringane seg i skilnader mellom artiklar på SNL og Wikipedia? Kven skriv og kva skriv dei om? Korleis skjer endringar og korleis påverkar dette informasjonen eller bodskapen som artikkelen presenterer? Ibsen-studiar er eit aktivt forskingsfelt – korleis reflekterer utviklinga av leksikonartiklane dette? Og – korleis viser artiklane til forsking?

Med utgangspunkt i desse konkrete spørsmåla har eg analysert og samanlikna SNL og Wikipedia si litteraturformidling av Ibsen og korleis denne er påverka av leksikona sine etos.


4.2.1 Versjonsloggen til Wikipedia

Wikipedia har ein interaktiv historikk der ein kan bla gjennom og sjå skilnader mellom revisjonar i ein versjonslogg. Her kan ein sjå dato, brukarnamn, talet på byte (som er ca. det same som talet på bokstavar eller teikn) som er lagt til eller fjerna og eventuelle kommentarar frå bidragsytaren. Revisjonssida viser nøyaktig kva linje(r) som er endra og ein kan setje to versjonar opp mot kvarandre og samanlikne versjonane avsnitt for avsnitt. Eg har bladd gjennom versjonsloggen til artikkelen om Ibsen i denne interaktive loggen.

I samanlikning over tid kan ein velje to versjonar frå ulike tidspunkt, sjå kva endringar som er gjort i mellomtida, av kor mange bidragsytatarar, og kva første og siste versjon inneheld. Dette kan ein sjå i ei interaktiv tidslinje over versjonane der ei soyle opp frå tidslinja er eit tillegg i artikkelen medan ei soyle ned viser at noko er teke bort (sjå figur 1).

Sida informerer om at det er x mellomliggende versjonar som ikkje vert vist når ein nyttar versjonsloggen på denne måten. For å sjå nøyaktig kva som er gjort frå ein versjon til den neste må ein velje berre to versjonar. Med 1700 versjonar å gå gjennom har eg ikkje sett

på alle. Eg starta breitt ved å velje eit lengre tidsrom og undersøke om det var noko som utmerka seg i endringane som var gjort. Det eg såg etter da var større endringar i tekstinnehald eller bodskap og eventuelle kommentarar frå bidragsytarar. Når eg fann slike endringar gjekk eg smalare til verks og undersøkte nøyaktig kvar og når denne revisjonen skjedde, av kva bidragsytar og kva endringar i innhald det har ført til.



Figur 1: Interaktiv versjonslogg på Wikipedia

Gjennomgangen av Wikipedia viser ei gradvis forlenging og utvikling av artikkelen om Ibsen. Første versjon frå 2002 er på 928 byte medan dagens (19.05.2023) versjon er på 92 427 byte. Med jamne mellomrom er det endringar som vert tilbakeført til originalen. Mykje av dette er det Wikipedia kallar «vandalisme». Eit morosamt døme finn eg til dømes 9. desember 2005 da heile artikkelen vart fjerna og erstatta med følgjande tekst:

Han ble født i Skien som sønn av forretningsmannen Knud Ibsen. Hans familie tilhørte Skiens overklasse. Hans egentlige navn var Christoffer Muskat Hilde. På fritiden drev han med curling sammen med den kjente Hansa. Majoritet [sic] og flertallets ubetingede rett. («Henrik Ibsen», Wikipedia, 2005)

Seinare same dag vert endringa ført tilbake til siste versjon som fanst før vandalismen skjedde. Gjennomgangen eg har gjort av versjonsloggen viser at slike endringar som regel vert retta opp same dag. Den normale oppfatninga om at Wikipedia kan vere «fullt av tull» til ei kvar tid er difor ikkje riktig i dette tilfellet. Dette betyr at ein av dei største og vanlegaste

kritikkane mot Wikipedia er unyansert og at leksikonet kanskje er meir kvalitetssikra enn vi trur. Dette kjem eg tilbake til seinare i oppgåva.

Første versjon av Wikipedia-artikkelen om Ibsen inneheldt fødsels- og dødsdato, fødestad og liste over bibliografi. I dag har artikkelen relativt detaljert informasjon om familie, biografi og forfattarskap. Artikkelen har følgjande hovud-delar: «Familie og barndom», «Ungdomsår», «Ibsen som dramatikar», «Ibsen som samfunnsaktør», «Forfattarskap», «Andre om Ibsen», «Arven etter Ibsen», «Bibliografi» og «Litteratur om Ibsen». Det er altså framleis ein bibliografi til slutt i artikkelen, men i tillegg er det eigne underkapittel om 14 verk med skildringar av motiv, tema og resepsjon for kvart av verka. Dessutan viser artikkelen vidare, via lenker, til eigne Wikipedia-artiklar om verka. Artikkelen har blitt gradvis meir utfyllande og det er nesten årleg relativt store skilnadar heilt frå 2002 til i dag.

Artikkelen om Ibsen på Wikipedia er i dag (19.05.2023) på 12 879 ord inkludert referansar og eksterne lenker. Undervegs er det referansar til kvar informasjonen kjem frå.

4.2.2 Versjonsloggen til Store norske leksikon

Versjonsloggen på SNL gir informasjon om tal på versjon, dato for endring, kven som har endra og talet på teikn som er endra, lagt til, sletta og/eller flytta. Ved å klikke på dei ulike versjonane kan ein vise tekstendringar i ein artikkel som viser begge versjonar i same vindauge i nettlesaren. Sidan det berre er 53 versjonar av artikkelen har eg hatt moglegheit til å kartlegge alle.

Historikk for artikkelen Henrik Ibsen		
Gjeldende versjon		
Versjon 53	Redaktør Kjell-Olav Hovde endret 0 tegn: La til 0 nye tegn, slettet 0 tegn og flyttet 0 tegn.	07.11.2022
Tidligere versjoner		
Versjon 52	Tidligere redaktør Frida Alfredsen endret 0 tegn: La til 0 nye tegn, slettet 0 tegn og flyttet 0 tegn.	11.03.2022
Versjon 50	Redaktør Line Marie Berteussen endret 2 tegn: La til 2 nye tegn, slettet 0 tegn og flyttet 0 tegn.	30.11.2020
Versjon 49	Redaktør Ida Scott endret 98 tegn: La til 49 nye tegn, slettet 49 tegn og flyttet 0 tegn.	14.05.2019
Versjon 48	Bidragsyter Autokorrektur endret 49 tegn: La til 24 nye tegn, slettet 25 tegn og flyttet 0 tegn.	13.05.2019
Versjon 47	Korrekturleser Karl Kamrud Jahnson endret 559 tegn: La til 428 nye tegn, slettet 131 tegn og flyttet 0 tegn.	13.05.2019
Versjon 46	Fagansvarlig Gunvald Axner Ims endret 1 tegn: La til 0 nye tegn, slettet 1 tegn og flyttet 0 tegn.	04.07.2018
Versjon 45	Redaktør Kjell-Olav Hovde endret 0 tegn: La til 0 nye tegn, slettet 0 tegn og flyttet 0 tegn.	19.04.2018
Versjon	Redaktør Kjell-Olav Hovde endret 50 tegn: La til 50 nye tegn, slettet 0 tegn og flyttet 0 tegn.	18.04.2018

som leste stykkene eller så fremføringene i teateret.

Biografi

Oppvekst

Henrik Ibsen var sønn av Marichen (f. født Altenburg) og Knud Ibsen. Faren var en velstående kjøpmann, men mistet sin formue da sonnen var åtte år gammel. Følelsen av å være fallentens sønn sonnen til en som hadde gått konkurs kom til å prege Ibsen sterkt og satte spor i hans diktning. Ibsens yngre år var ikke lett. Som 15 år gammel begynte han som apotekerlærling i Grimstad, og som attenåring fikk han der en sønn med en 10 år eldre tjenestejente. Han vedkjemte seg farskapet i brev av 7. desember 1846, og måtte betale oppføstringssiddrag til sonnen ble 15 år. Årene rundt 1850 ble han gjentatte ganger truet med tvangsarbeid for ubetalte barnebidrag, og det ble foretatt en rekke utsprangsforsettninger hos ham. Det er ikke tyl om at disse vanskelighetene satte spor i det senere forfatterskap. Ibsen hadde ingen forbindelse med sonnen senere i livet.

Etter konfirmasjonen var Ibsen løregutt ved apoteket i Grimstad i seks år. forfatterskapet.

Om kvelden leste han Ibsen til artium. Inntrykket fra latinpensumet (Sallust og Cicero) og fra februarrevolusjonen i 1848, men ikke mindre også diktørens egen situasjon, preger tragedien Catilina, utgitt som han utga under pseudonymet Brynjolf Bjørne 1850.

I Kristiania kom Ibsen (omarbeidet utg. 1876). Det bærende i stykket er følelsen av kall og skjebne. Våren 1860 drog Ibsen til hovedstaden for å

Figur 2: Versjonslogg på Store norske leksikon

Det er 21 ulike personar som står bak endringane. Dei fleste av desse er oppført som redaktør, tidlegare redaktør, fagansvarleg eller tidlegare fagansvarleg – altså er dei tilsette. Nokre få er korrekturlesarar. To personar er oppført som «bidragsytar» og dette er dei einaste som altså ikkje har nokon høgare «rang» i SNL-systemet.

Gjennomgangen av SNL viser at det er få av versjonane som faktisk har store endringar i talet på teikn. Det er berre to versjonar av artikkelen der det har vore store endringar å sjå i innhald og bodskap. Det gjeld første versjon frå 2009 og versjon nummer 15 frå 2013. Basert på undersøkingane av loggen er det versjonane frå 2009 og 2013 som er mest interessante for meg å nytte som grunnlag for ein analyse og samanlikning.

Resten av versjonane på SNL er gjerne redigerte med omsyn til grammatikk, utforming av overskrifter, lister og lenker til eksterne ressursar. Første versjon av SNL frå 2009 er lik den siste trykte versjonen av Store norske leksikon frå 2005-2007 («Henrik Ibsen», SNL, 2009). Av dei 53 versjonane på SNL er det fem som har blitt avvist av redaktør Kjell-Olav Hovde og dermed aldri publisert. Loggen informerer ikkje om kvifor desse versjonane har blitt avviste. Tre av dei har svært små endringar, kvar av dei på under 200 teikn. Dei to upubliserte endringane som er av ein viss storleik har begge heilt likt innhald som førre versjon av artikkelen og eg går ut frå at dette er grunnen til at dei har blitt avvist.

Artikkelen om Ibsen på SNL er på 2905 ord inkludert litteraturlister og er forfatta av Erik Bjerck Hagen. Det meste av artikkelen vart skrive i ein versjon frå 2013. Artikkelen startar med ein introduksjon som gjer greie for Ibsen sitt gjennombrot, statusen han har i Noreg og internasjonalt og kva det er ved han som appellerer. Vidare har artikkelen følgjande under-overskrifter: «Ibsens rollefigurer», «Ibsens viktigste verk», «Biografi», «Resepsjon» og «Filmatiseringar». Så følgjer lister over museum, minnesmerke, lenker til artiklar om Ibsen i *Norsk biografisk leksikon* og *Norges litteraturhistorie* i tillegg til eksterne lenker og «Litteratur om Henrik Ibsen». Det er ikkje referansar undervegs i artikkelen.

4.3 Truverd gjennom transparens

Før eg går vidare til analysen av litteraturformidling og etos vil eg dele nokre refleksjonar over gjennomgangen av loggen og kva den betyr for analysen. Eg har berre undersøkt og samanlikna artiklane om éin forfattar. Eit meir omfattande tekstgrunnlag som samanlikna innhaldet om fleire forfattarar ville vore ei nyttig utviding av denne analysen, men for stort i omfang for denne masteroppgåva. Men, funna frå gjennomgangen av loggen gir etter mi vurdering tilstrekkeleg innsikt i korleis produksjonen faktisk skjer på leksikona – eit sentralt

moment for å svare på oppgåva si problemstilling. Det er éin ting å vite prinsippa bak produksjonen og publiseringa, det er noko anna å studere korleis dette faktisk skjer.

Gjennomgangen min viser at artiklane vert produsert og kvalitetssikra på ulike måtar, og at dette gjer at dei ser ulike ut. Artikkelen på Wikipedia har mange anonyme produsentar og vert ofte redigert medan artikkelen på SNL har færre produsentar, éin fagansvarleg redaktør og vert redigert sjeldan. Innimellom gir loggen til Wikipedia eit innblikk i korleis forfattarane av artikkelen tenker om innhaldet. Eg viser nokre eksempel, men det må òg med ein refleksjon om at dette er tilfeldig og ikkje generaliserbare funn. Vidare viser loggen at Wikipedia refererer til kjelder undervegs i teksten medan SNL ikkje gjer det.

Det er eit poeng at for begge leksikona er versjonsloggen med på å styrke etosen, truverdet deira, fordi det gjer at ein kan finne ut kva endringar som er gjort og til kva tid. På SNL får vi òg namnet og stillinga til den som har publisert. Denne moglegheita har ikkje Wikipedia, ettersom bidragsytarane her er anonyme. Men det vi kan sjå er jo til dømes at det ofte er same bidragsyta som har publisert fleire gongar og at feilinformasjon eller tøys og tull raskt vert retta opp. Dette siste var ei overrasking for meg og styrkar Wikipedia sitt truverd og etos.

5 Om Henrik Ibsen på Wikipedia og SNL

Med versjonsloggen på plass kan eg undersøke og samanlikne det mottakaren faktisk kan lese i artiklane om Ibsen. Eg har hovudsakleg undersøkt og samanlikna formidling og fordeling av tre innhaldsmoment knytt til litteraturformidlinga i artiklane om Ibsen: biografien, forfattarskapen og resepsjonen. Dette heng saman med korleis artiklane er utforma, men det er òg samanfallande med kva eg oppfattar som relevant og forventa informasjon å finne om ein forfattar på eit nettleksikon. Den første søyla til Wikipedia seier at leksikonet skal oppfylle «et dagligdags informasjonsbehov» og forfattarrettleiinga til SNL seier at artiklar skal fortelje «det essensielle om temaet». I samband med Ibsen meiner eg at den essensielle informasjonen som ein kan tenkje seg å få bruk for i kvardagen er: kven var han, kva skreiv han og korleis er han vurdert? Så er spørsmålet mitt korleis dette vert formidla på leksikona.

5.3 Teoretiske perspektiv på litteraturformidling, resepsjon og retorikk

Artiklane på SNL og Wikipedia er ein del av resepsjonshistoria til Ibsen. Resepsjon er å undersøke tekst frå ulike mottakar-perspektiv: lesarar, sjårarar, lyttarar og publikum som les, ser eller høyrer på kulturell produksjon, tolkar dei og responderer på dei på ulike måtar.

I *Reception* skisserer Ika Willis (2018) eit mottakar-orientert resepsjonsomgrep som tek omsyn til dette samanfiltra forholdet mellom tekstar og dei som tolkar, les og tek imot på ulike måtar (s. 1). Det handlar om korleis forfattarar og litteraturen lever lange liv gjennom måten dei vert reproduksjonert, fortolka og vidareformidla – til dømes gjennom nettleksikon. Metoden i denne oppgåva er ein analyse av det Willis skildrar som «gjenskriving» (rewriting), som er ein tekst-til-tekst (text-to-text) tilnærming til resepsjon (s. 35). Teoriar og metodar med slik tilnærming kastar lys over tekstar som vert til som respons til andre tekstar – tekstar som adapterer, approprierer, alluderer til, held fram på, vurderer, kommenterer på, omset, går gjennom eller rekonseptualiserer andre tekstar (s. 36). Tekst-til-tekst tilnærmingar tek utgangspunkt i at resepsjonen skjer i teksten heller enn i møte med eit publikum. Dermed kan vi analysere teksten i seg sjølv (s. 39). Willis viser til Gian Biagio Conte som skildrar resepsjonstekstar som «utveljingsarbeid» («works by selection»):

Textual reception is not a passive process of repetition or copying, but an active process of selection, intervention, interpretation and reworking. (...) Thus, in studying text-to-text reception, we observe how a text has selected and reorganized aspects of an earlier text: which elements it has activated, and which it has disregarded. (Conte, referert i Willis, 2018, s. 39).

Litteraturformidling er ein slik prosess som vel ut, tolkar og vidarearbeider ein forfattar eller verka hans. Bibliotekforskarane Knut Oterholm og Åse Kristine Tveit definerer

litteraturformidling som «en omfattende betegnelse på det å distribuere litteratur, være et mellomledd mellom litteratur og lesere og aktivt å skape situasjoner, arenaer og fora der litteraturen blir synlig» (2010, s. 7). Det er primært som mellomledd at leksikon fungerer som formidlarar av litteratur.

I denne samanhengen er det sentralt at litteraturformidling – som all anna formidling – er ein form for kommunikasjon mellom ein avsendar og ein mottakar. Den russiske språkfilosofen Mikhail Bahktin ser på alle ytringar som del av ein dialog av ytringar og svar. Litteraturformidling krev ein mottakar som bodskapen vert gjort tilgjengeleg for. Det er altså på den eine sida eit tosidig forhold i dialog, medan det på den andre sida er eit einvegs kommunikasjonsforhold der kunnskap vert overført frå ein part til ein annan (Bahktin, referert i Ridderstrøm et al., 2015, s. 31–32). Ridderstrøm et al. viser til teoriar om kommunikasjon, læring og retorikk som er relevante for å forstå litteraturformidling (2015, s. 17).

Ein av dei mest kjende kommunikasjonsmodellane vart utvikla av lingvist og litteraturteoretikar Roman Jakobson i 1960. Hans modell for effektiv kommunikasjon tek utgangspunkt i at alle situasjonar har ein avsendar som overfører ein bodskap til ein mottakar. Både konteksten, overføringskanalen og kodar påverkar korleis bodskapen vert forma og korleis han når mottakaren. Jakobson sin modell viser korleis språklege utsegner kan ha ulike funksjonar, avhengig av om det vert fokusert på avsendar, mottakar, saka som er omtala, konteksten, koden, situasjonen eller sjølve utsegna (Jakobson, referert i Ridderstrøm et al., 2015, s. 17). I denne oppgåva er det måten bodskapen vert formidla på – overføringskanalen og konteksten – til mottakaren som er sentral. Overføringskanalen her er leksikon på nett, difor er produksjonen av og den faktiske utforminga – korleis artiklane ser ut – relevante moment for denne analysen. Konteksten høyrer til det eg argumenterte for i førre del av oppgåva, nemleg at informasjonen i artiklane må vere tilpassa målgruppa og føremålet med formidlinga for å vere relevant. Og her kjem slektskapet til retorikken tydeleg fram: Retorikk er kunsten å fortelje, argumentere, fascinere og få tilhøyrarar eller lesarar til å høre eller lese, nettopp det som er kravd i ein formidlingssituasjon (Ridderstrøm et al., 2015, s. 18).

Retorikkprofessor Christian Kock definerer retorikk som «en empirisk og normativ videnskab om produktion og reception av ytringer, betraged i deres helhed» (Kock, referert i Ridderstrøm et al., 2015, s. 19). Dette inneber å studere ytringar i lys av korleis dei fungerer i ein kontekst, altså å vurdere kvalitet, verdi eller effektivitet ut frå ein intensjon eller eit føremål. Retorikaren utøver makt ved å omtale noko og ikkje anna, ved å vise fram og tilsløre, med eller utan medvit om dette. Og her er samanhengen med tekst-til-tekst tilnærming til resepsjon og litteraturformidling tydeleg: Det handlar om utveljing av materiale som ein skal

gjengi og vurderingar av korleis ein skal presentere dette materialet (Ridderstrøm et al., 2015, s. 19). I dette tilfellet handlar det om korleis ein skal presentere resepsjonen eller biografien til Ibsen.

Måten teksten er tilpassa mottakaren sin på for å oppfylle denne funksjonen heng saman med det Umberto Eco (1979) kalla modellesaren. Ein modellesar er ein lesar-i-teksten som skal stå modell for oss lesarar av kjøtt og blod når vi les. Modellesaren består av eit sett kompetansar som utviklar seg i takt med teksten og som kjøtt-og-blod-lesaren kan strekke seg etter (Asdal et al., 2008, s. 283). Eco legg vekt på teksten sine implisitte påstandar og inneforståttheiter – modellesarar er dei som klarer å fylle dei tomme plassane, eller forstå det som står mellom linjene i teksten. Modellesaren vert altså til gjennom val av spesifikke lingvistiske kodar, ein bestemt litterær stil og referansar til spesialiseringssindeksar (1979, s. 7). Dei ulike kodane kjem òg av ein kulturkontekst – altså dreier det seg ikkje berre om kunnskap, men òg verdiar og haldningar. Den tenkte modellesaren si innstilling til desse verdiane vil bestemme kor mottakeleg hen er for teksten sine retoriske strategiar – som bevismidla patos, logos – og ethos (Asdal et al., 2008, s. 285). Eg nyttar modellesar-teorien for å drøfte tekstane si tilpassing og relevans for føremålet og mottakaren. Målet med analysen av litteraturformidlinga er òg å seie noko om problemstillinga sin andre del: korleis ho heng saman med etosen til avsendarane. Difor vert spørsmål om truverd og relevans sentrale òg i denne analysen av formidlinga, men det er først i neste kapittel at ethos-analysen står i sentrum.

5.4 Biografien

Wikipedia brukar i dag ca. 5300 ord medan SNL brukar ca. 500 ord på å skildre Ibsen sitt liv. I prosentdel svarar dette til høvesvis ca. 41 og ca. 17 prosent av artiklane si totale ordmengd. At SNL spanderer så mykje mindre plass til biografi enn Wikipedia, kan signalisere at dette innhaldet ikkje veg like tungt i prioriteringa deira av kva lesarar skal informerast om. Dette kan ein knyte til det første av Ridderstrøm et al. (2015) sine omgrepspark: tilgjengeleg- og synleggjering. Formidling inneber å gjere noko tilgjengeleg, på kostnad av noko anna. Å vise nokre moglegheiter eller implikasjonar av eit verk, inneber å oversjå andre (Ridderstrøm et al., 2015, s. 24).

Studium av biografien hans har lenge vore ein sentral del av Ibsen-resepsjonen. Biografiske og historiske studiar var den mest dominerande delen av litteratur- og resepsjonsstudiar frå dei siste åra av Ibsen si eiga levetid. Men synet på teori har endra seg i litteraturfaget sidan den gong, og den historisk-biografiske metoden har blitt utfordra av meir tekstnære måtar å studere litteratur på. Nykritikken, med synet på kunsten som autonom og

fråkopla kunstnaren sitt liv og intensjonar gjorde det mindre relevant å undersøke verknader av forfattaren sitt liv. I dag er mange kritiske til å la forfattaren sin intensjon vere styrande for tolkinga av litterære verk. I staden bør vi lese teksten «for seg sjølv». Likevel har biografien halde stand som studieobjekt og liva til dei største forfattarane våre har alltid fått mykje merksemd, i alle fall i forskingsmiljøet. Dei siste tjue åra har det blitt gitt ut ei rekke biografiar om Ibsen (Figueiredo, 2007; Dingstad, 2010; Nygaard, 2013 og Haave, 2017).

Dette betyr at det er relativt fersk fagkunnskap tilgjengeleg for leksikonforfattarane.

Første versjon av artikkelen på SNL var frå 2009. Det var ein samanhengande tekst utan inndelingar, som hadde ein kronologisk struktur, sterkt kopla til Ibsen sin biografi. Første avsnitt handla om familie og oppvekst, andre avsnitt om konfirmasjon og ungdomsår, tredje avsnitt om utdanning og så vidare. Forteljingar om Ibsen som forfattar og sentrale verk vart fletta inn i ei kronologisk skildring av livet hans, som her:

Dramaet om fru Inger, en tragedie med historisk emne, var hans første betydelige verk. Men langt større lykke enn tragedien gjorde det lyriske skuespill, bygd på Landstads folkeviser, Gildet paa Solhoug. Ibsens lyriske periode henger sammen med en kortvarig «forlovelse» med Rikke Holst (dikt som Markblomster og potteplanter o.a.). («Henrik Ibsen», Store norske leksikon, 2009)

Den kronologiske skildringa av forfattarskapet framhevar livet til Ibsen som ei relevant forståingsramme for verka han produserte. Denne måten å formidle eit diktarliv på, er knytt til den historisk-biografiske metoden i det liv og virke vert sett i samanheng.

Versjonen av SNL-artikkelen frå 2013, som altså er den versjonen som er gjeldande i dag, har meir fokus på verk, karakterar og Ibsen som dramatikar enn biografi. Artikkelen startar med å gjere greie for Ibsen sitt gjennombrot, statusen han har i Noreg og internasjonalt og kva det er ved han som appellerer. Vidare kjem ein kort presentasjon av sentrale rollefigurar og verk. Artikkelen plasserer Ibsen eksplisitt i sentrum av norsk litterær kanon og framhevar kva verk som er dei viktigaste. Etter dette kjem biografien som ein eigen del med seks avsnitt før artikkelen går vidare til forfattarskapet.

Og det er spesielt eitt moment ved framstillingane av biografien eg merka meg. Både 2009- og 2013-versjonen av SNL skildrar oppveksten til Ibsen som vanskeleg. I begge kan vi lese at faren, Knud Ibsen, var ein rik forretningsmann som gjekk konkurs, og at dette prega Henrik Ibsen. Både i 2009- og 2013-versjonen kan ein lese at «Følelsen av å være sønnen til en som hadde gått konkurs/fallentens sønn kom til å prege Ibsen sterkt og satte spor i hans diktning» («Henrik Ibsen», SNL, 2009 og Hagen, 2023). Dette er eit tydeleg spor av den historisk-biografiske metoden: trua på å tolke verk ut frå diktaren sitt liv.

Men her er det stor skilnad mellom Wikipedia og SNL. For tidlegare versjonar av Wikipedia har òg formidla nettopp dette om at Ibsen var «fallenten» sin son. Men så har det vist seg å ikkje stemme. Mellom 23.10.2016 og 27.12.2016 skjedde ei stor endring i biografien til Ibsen på Wikipedia. Då kom det inn referansar til Jørgen Haave og den nyare Ibsen-forskinga, som har avkrefta dette som ein myte:

Det har ofte blitt hevdet at Knud Ibsen gikk konkurs og at familien Ibsen mistet kontakten med det elitemiljøet familien opprinnelig tilhørte, og at dette er sentralt i å forstå Ibsens dikting; Knud gikk imidlertid aldri konkurs i lovens forstand og nyere forsking, bl.a. Jørgen Haaves arbeider, har nyansert påstandene om familiens økonomiske situasjon og ikke minst sosiale stilling. («Henrik Ibsen», Wikipedia, 2016)

I den noverande artikkelen om Ibsen på Wikipedia finn ein eit eige avsnitt med tittelen «Betydningen av Ibsens barndom og faglig revurdering». Her kan vi til dømes lese om tidlegare skildringar av Ibsen i barndommen som «skjemt bort av sin far, som provoserte sine jevnaldrende med sin overlegenhet og arroganse». Men, står det:

Haave har påpekt at senere biografier ofte ukritisk har gjentatt slike udokumenterte påstander og myter. Haave har blant annet kritisert en overdreven og for ukritisk bruk av Ibsens litteratur som kilder til hans biografi hos mange tidligere Ibsenbiografer. Ifølge Haave innledet Arvid Høgvoll og Ruth Bærlands bok om Henrik Ibsens familie fra 1996 et paradigmeskifte i forståelsen av Ibsens bakgrunn og barndom, som ble fulgt opp av Ivo de Figueiredos Ibsenbiografi fra 2006/2007, Jon Nygaards bok om Ibsens familiebakgrunn fra 2013 og hans egen bok «Familien Ibsen» fra 2017. («Henrik Ibsen», Wikipedia, 2023)

Og:

Eldre Ibsenbiografier har hevdet både at Ibsen planla å studere medisin og fremstilt ham som en vordende forfatter fra unge år. Haave og Nygaard har stilt spørsmålsteign ved hele denne fortellingen. De mener det i stedet var ungdomskameraten Christopher Due i Grimstad som satte Ibsen på tanken om å skrive et skuespill til Christiania Theater, og at Ibsen grep det som da var en ny mulighet til karriere og prestisje. («Henrik Ibsen», Wikipedia, 2023)

Kjeldene til Wikipedia er pålitelege og det er både morosamt og overraskande å oppdage at her er det faktisk SNL som presenterer feilinformasjon, medan Wikipedia gir ei meir representativ skildring av Ibsen-feltet si utvikling. Og nettopp mytane om Ibsen vert tematisert og avkrefta på fagleg grunnlag i artikkelen på Wikipedia. Dette bryt med forventingane vi har om fagleg korrektheit og svekker truverdet til artikkelen på SNL. I neste kapittel drøftar eg korleis det heng saman med den faglege posisjonen til Erik Bjerck Hagen, som er forfattaren av teksten på SNL.

5.5 Forfattarskapen

Ein kan argumentere for at det viktigaste å formidle når ein presenterer ein stor dramatikar, er sjølve forfattarskapen. Eg startar med å sjå på korleis det vert gjort av SNL. I den første versjonen frå 2009 vart forfattarskapen presentert som ein del av den kronologiske forteljinga om Ibsen. Her vert dei mest sentrale verka skildra med nokre setningar, med fokus på inspirasjon, tema, teknikk eller resepsjon, som til dømes:

Avgjørende for hans utvikling ble også Georg Brandes' virksomhet, og 1870-årene var i det hele for Ibsen, som for Bjørnson, en gjennombruddstid. Det borgerlige skuespill *Samfundets støtter* (1877), det første av hans samfunnsdramaer, viser omslaget. Stykket, som retter sin brodd mot hykleriet innenfor de såkalte samfunnsbevarende kretser, bante veien til dikterens verdensry; fem av Berlins teatre spilte det i samme uke. («Henrik Ibsen», Store norske leksikon, 2009)

Igjen ser vi korleis presentasjonen av verk heng saman med forteljinga om Ibsen sin biografi. Skildringar av motiv eller handling er det lite av og teksten er ikkje delt opp på nokon måte.

I 2013 er det delane «Ibsens rollefigurer», «Ibsens viktigste verk» og «Det realistiske dramaet» som skildrar produksjonen av verk. Den første er ei liste med korte skildringar på ei setning av dei mest kjende rollefigurane: Brand, Peer Gynt, Hedda Gabler, Nora Helmer og Doktor Stockmann, for å nemne nokre. Den andre er ei utgreiing om Ibsen og dei viktigaste verka hans i den litterære kanon. Og den tredje er ei skildring av korleis Ibsen «perfeksjonerte» det realistiske dramaet gjennom til dømes retrospeksjon, samfunnskritikk og ei form, omtala som «isfjell» der mykje av handlinga «foregår under overflaten» (Hagen, 2023).

Begge versjonane frå SNL er altså relativt kortfatta når dei skildrar forfattarskapen til Ibsen. Og det kan jo vere bra, fordi det kan gi lesaren ein enkel og lettfatteleg inngang til forfattaren. Men eg vil argumentere for at SNL er *for* kortfatta i sin presentasjon. I følgje leksikona sine målsetjingar er det naturleg at målgruppa er kven som helst frå ein viss alder og oppover som har behov for informasjon om eit tema på ein enkel måte. Det kan vere skuleelevar som skal tileigne seg kunnskap for første gong eller det kan vere vaksne som skal «friske opp». Slik har leksikon ein utdannings-, dannings- og informasjonsfunksjon. Eit av Wikipedia sine mål er i følgje dei fem søylene at artiklane skal oppfylle eit «dagligdags informasjonsbehov» («Anbefalinger og retningslinjer», SNL, 2023). For SNL heiter det i forfattarrettleiinga at artiklane skal fortelje det essensielle om temaet, vere klare og pedagogiske» («Forfatterveiledning», SNL, 2023).

Det er for lite av det eg vil rekne som «innføringskunnskap» - som jo er målet til SNL å presentere – og for mykje som krev forkunnskapar som gjer ein i stand til å setje

informasjonen inn i ein kontekst. Til dømes: Kven var Georg Brandes og kva var verksemda hans? Og at *Samfundets støtter* (1877) rettar ein «brodd mot hykleriet innenfor de såkalte samfunnsbevarende kretser» er informasjon det er vanskeleg å bruke til noko dersom ein ikkje veit kva stykket handlar om. Fleire av skildringane på SNL krev at lesaren har kjennskap til Ibsen og verka hans frå før. Til dømes er informasjonen om *En folkefiende* (1882) avgrensa til at «Doktor Stockmann (i skuespillet *En folkefiende*) kommer fram til at «den stærkeste mand i verden, det er han, som står mest alene», og at det er eit av skodespela der Ibsen utfordrar samfunnet «mest direkte» (Hagen, 2023). Ut frå dette forstår ikkje ein ny lesar verken kva stykket handlar om eller at Doktor Stockmann er hovudkarakteren. Det er stor skilnad i kor mykje teksten på SNL tek for gitt av forkunnskap samanlikna med den på Wikipedia – og her er det sistnemnde som kjem best ut.

På Wikipedia har innhaldet som skildrar forfattarskapet vorte gradvis meir utfyllande med åra. Første versjon hadde berre ei liste med titlar. Men, i desember 2004 skjedde ei stor endring der det vart lagt til 5673 byte. Allereie her – fem år før SNL fanst på nett – vart artikkelen på Wikipedia meir utfyllande i skildringa av stykke enn SNL kom til å vere. Da kom det handlingsreferat av fleire av stykka og resepsjon knytt til enkeltstykke. Sidan då har dette blitt stadig meir utfyllande, og det er meir forklarande i stilten. Dette gjer at eg meiner Wikipedia sin artikkel er meir informativ for målgruppa, og for å vise tilbake til modellesar-teorien: Det er færre spesialiseringssindeksar og kunnskap som vert teke for gitt. For å illustrere kan eg skildre kva som møter lesaren dersom dei – som tanta mi nemnd i introduksjonen – vil lese om *Hedda Gabler*:

Skildringane på SNL er relativt korte i begge versjonar og stykket er berre nemnd med ei setning. I 2009-versjonen er det skildra slik: «Inntrengende kvinnestudier er *Fruen fra havet* (1888) og *Hedda Gabler* (1890), der dikteren på mange måter foregriper psykoanalysen». Og i 2013-versjonen vert det skildra slik: «*Hedda Gabler* (i skuespillet *Hedda Gabler*) er fanget i de borgerlige hjemmene og konvensjonene og hevner seg ved å leke med andre menneskers liv» (Hagen, 2023).

Wikipedia sine skildringar av verk er meir utfyllande og har vore det sidan før SNL vart oppretta. I 2004 kunne ein lese følgjande om *Hedda Gabler* på Wikipedia:

Hedda Gabler (1890), er en studie av en nevrotisk kvinne. Hedda er 29 år, har giftet seg, er gravid med et barn hun ikke ønsker seg og lei sin mann. Før hun giftet seg og slo seg ned, flörtet hun med den bedrukne poeten, Løvborg, angivelig et portrett av Ibsens dødsfiende August Strindberg. Hun intrigerer Løvbergs undergang med å brenne manuskriptet hans. Assessor Brack, som begjærer Hedda, avdekker hennes deltakelse angående poetens uheldige selvmord, - han har død på et bordell, og gir

henne valget mellom offentlig eksponering og å bli hans elskerinne. Hun velger selvmord når hun kommer under hans makt. («Henrik Ibsen», Wikipedia, 2004)

Den noverande Wikipedia-artikkelen om Hedda Gabler er langt meir utfyllande og har både handlingsreferat og kort resepsjonshistorie. Her finn vi òg ein karakter-analyse, som samanliknar Hedda med Nora i *Et dukkehjem*:

Hedda Gabler er en slags Nora Helmer på vranga. Nora har romantiske ideer om ekteskap, kjærighet, samliv og så videre. Hedda har et dypt kynisk syn på det alt sammen, hun ser på alt sånt som trappetrinn på vei til sosial status i et spill der hun satser alt for å vinne. Samtidig er hun dypt utilfreds med dette livet, og drømmer uklart om noe helt annet. Når Noras illusjoner brister overveier hun selvmord, men isteden går hun ut av det gamle livet sitt som en fri kvinne. Når Hedda oppdager at den sosiale klatringa hennes ikke kan gi henne noe av det hun ønsker seg ser hun ingen utvei, men skyter seg.

Samtidig er Hedda på mange måter et mye mer levende menneske enn Nora. Noras litterære feil er at hun blir litt en-dimensjonal og bare god og snill. Hedda er mye mer sammensatt: Hun kan være både snill og slem, egoistisk og idealistisk, kynisk og drømmersk samtidig. På teatret hadde bare menn fått lov til å ha slike allsidige personligheter før Ibsen begynte å skrive sine sene kvinneroller. Kvinner som er både intelligente, sympatiske, har store feil og spiller «skurkeroller», som Hedda på et vis gjør, er en oppfinnelse av den gamle Ibsen. («Henrik Ibsen», Wikipedia, 2023)

Informasjonen på Wikipedia er altså mykje meir utfyllande og detaljrik enn på SNL. Og berre dette meiner eg gjer Wikipedia til ein betre formidlar av Ibsen. For å vise tilbake til omgrepsspara til Ridderstrøm et al. (2015), er dette knytt til litteraturformidlinga si *tilpassing og relevans*: korleis artiklane presenterer Ibsen sin forfatterskap slik at han gir mening for eit tiltenkt publikum (s. 26). Dersom målgruppa er elevar på vidaregåande skule eller «mannen i gata» korleis fungerer artiklane?

Fordi den er så kortfatta og på grunn av ordvala meiner eg at SNL-artikkelen ikkje er tilpassa ein mottakar som kjem dit for å få ei forståing om kva *Hedda Gabler* handlar om. For å sjå på 2009-versjonen først: Kva er eigentleg eit «inntrengande kvinnestudie»? Og kva er psykoanalyse og korleis føregrip Ibsen dette med *Hedda Gabler* (og *Fruen fra havet*)? Artikkelen forklrarar ikkje fagomgrepet og fortel ikkje nok om verket til at lesaren ut frå dette kan forstå samanhengen. Og om vi ser til 2013-versjonen (den noverande), er det for det første feil å skrive «Hedda Gabler (i skuespillet Hedda Gabler)», ettersom etternamnet hennar faktisk er Tessman. At ho «er fanget i de borgerlige hjemmene og konvensjonene» er dessutan ei avgrensa skildring av karakteren. For ein ny leser hadde det vore nyttig å vite korleis ho er fanga og kva konvensjonar det er som plagar henne. At Hedda «hevner seg ved å leke med andre menneskers liv» (Hagen, 2023) er òg ei avgrensa skildring av plottet og får ikkje med

nyanske i karakteren hennar – stykket endar jo faktisk med at Hedda Tessman tek sitt eige liv.

Med desse refleksjonane vil eg argumentere for at artikkelen på SNL ikkje presenterer essensiell innføringskunnskap, men krev eit visst kunnsnivå frå leseren for at informasjonen skal gi mening. Dermed følgjer artikkelen heller ikkje måla om å forklare fagomgrep og vere pedagogisk, som er ein del av leksikonsjangeren til SNL («Forfatterveiledning», SNL, 2023).

Johan Tønnesson meiner at pedagogiske tekstar, tekstar som skal lære oss noko, har to typar modellesarar. Den første er læraren, som allereie er innforstått med mange av kodane i teksten, og den andre er eleven, som skal kunne strekke seg etter denne kunnskapen (2010, s. 186). Måten artikkelen på SNL er skriven på gjer at den vender seg til ein mottakar som er meir opplyst om Ibsen og litteratur enn det eg trur målgruppa er. Ein kan spekulere i om det kjem av at avsendaren er ein ekspert på litteratur, som ikkje sjølv ser kva forkunnskapar han tek for gitt. Men uansett kva grunnen er svekker det etosen til artikkelen.

Wikipedia-artikkelen formidlar på den andre sida det eg ville forvente av ein artikkkel som skal informere om kva stykket er – den gir ei kort oppsummering av plott og karakterar og så kjem resepsjonen og verknaden etterpå. Kanskje kunne ein diskutere bruken av ordet «nevrotisk», men veldig kontroversielt er det nok ikkje å meine at Hedda er det. Det som likevel er problematisk med presentasjonen til Wikipedia, er at tolkingane og samanlikningane ofte manglar referansar. Fordi leseren ikkje kan vite kven avsendaren er, kan dette gjere at ein tvilar på informasjonen si haldbarheit. At Nora er ein-dimensjonal medan Hedda er ein meir samansett karakter, er ikkje nødvendigvis noka därleg tolking, men ho er ikkje nøytral. Og når avsendaren er «usynleg», vert informasjonen vanskeleg å bruke. Dette kjem eg tilbake til seinare.

I dette tilfellet vil eg argumentere for at teksten på SNL ikkje har tilstrekkeleg informasjon til at leseren skal kunne strekke seg etter kunnskapen. Den fyller ikkje SNL sine krav til artikkelutforming om å vere pedagogisk og å forklare fagomgrep (som «psykoanalyse») og eg meiner at den i mindre grad enn artikkelen på Wikipedia presenterer det «essentielle» om temaet («Forfatterveiledning», 2023). Wikipedia gir meir informasjon, men denne er ikkje nøytral og det er problematisk at det ikkje vert vist til referansar. Ei betre løysing ville vore om bidragsytarane presenterte lesnader av fagpersonar – slik dei gjorde når dei skildra biografien.

Altså er det nokre problem med etosen til begge leksikona her, som eg vil drøfte vidare i neste del: for SNL gjeld det mangefull informasjon medan det på Wikipedia handlar om tilstrekkeleg, men ukreditert informasjon.

5.6 Resepsjonen

Det siste momentet knytt til litteraturformidlinga av Ibsen er korleis resepsjonen vert presentert i artiklane. Altså verknaden av produksjonen hans i samtid og ettertid. Igjen startar vi med å sjå på SNL og korleis denne delen av teksten har utvikla seg over tid.

2009-versjonen hadde fire avsnitt om resepsjon. Artikkelen skildra ikkje resepsjonen av kvart stykke, men berre kort til nokre. Det kan sjå ut som ein har valt ut dei som hadde spesielle verknader eller koplar Ibsen til historisk kontekst og andre kjende namn, som i dette dømet:

På denne tid kom De unges forbund, komedien om frasepolitikeren Stensgård. Den har som bakgrunn venstrepartiets oppmarsj under Bjørnsons og Sverdrups førerskap; den ble mottatt med piper og fløyter fra venstrepartiets side under oppførelsen i Oslo og ødela for lange tider vennskapet med Bjørnson. («Henrik Ibsen», Store norske leksikon, 2009)

Her viser artikkelen Ibsen si politiske side. Men det er statusen hans som forfattar og produksjonen som vert vektlagd mest. Artikkelen frå 2009 vart avslutta med ein eigen del om resepsjon på fire avsnitt, introdusert slik:

Ingen nordisk forfatter har greid å oppta sin samtid som Ibsen, og ingen skandinavisk dikter har øvd en så omfattende og dyptgående innflytelse på åndslivet verden over. Som dramatiker hører han til de store mestere i verdenslitteraturen. («Henrik Ibsen», SNL, 2009)

Utover dette var resten av resepsjonsdelen i 2009 via til å skildre utviklinga av og versjonar av *Henrik Ibsens samlede verker* og *Henrik Ibsens skrifter* og å gjere greie for statuar, minnesmerke og filmatiseringar. Som lesar sit ein igjen med inntrykk av at Ibsen var stor både i samtid og i ettertid, og at verka hans vart teke godt imot internasjonalt. Dei mange samla verka som har blitt utgitt og at Ibsen sin forfattarskap og person har blitt markert med minnesmerke og filmatiseringar understrekar dette.

Eg vil argumentere for at 2013-versjonen av SNL vektlegg resepsjon meir enn 2009-versjonen og at dette dermed verkar viktigare her. Dette kjem fram både ved at resepsjon vert presentert før biografi og at den rett og slett bruker meir tekst til det. Her er det ni avsnitt om resepsjon. I tillegg skil den seg frå førre versjon ved å presentere ei resepsjonshistorie som viser fleire kritiske måtar å lese Ibsen på. Dette er ikkje med i førre versjon i det heile.

Frå innleiinga av resepsjonsdelen er det innvendingane mot Ibsen som får merksemnd:

Ibsens suverene posisjon i dag har gjort at man ofte har glattet over de innvendingene som også har vært reist mot ham, ikke minst i hans egen samtid, av rivaler, venner og motstandere, blant dem særlig Aasmund Olavsson Vinje, Arne Garborg og Bjørnstjerne Bjørnson samt kritikerne Georg Brandes og Marcus Jacob Monrad. (Hagen, 2023)

Vidare ramsar artikkelen opp kritikken om at «Ibsen er for teknisk», at skapnadene er «mer ideer enn levende mennesker», at det ikkje er lett å «få genuin hengivenhet for Ibsens skikkelsjer», at karakterane er abstrakte, som kan gå ut over truverdet, at det er uklart kva ein kan lære av drama og at Ibsen er urealistisk som person. «Til gjengjeld», står det i det siste avsnittet: «har altså Ibsen vist seg svært *spillelig* og svært anvendelig» (Hagen, 2023). Altså – innvendingane til trass – Ibsen er vurdert som god. Men, artikkelen er ikkje balansert eller nøytral og eg meiner det er ei implisitt verdivurdering som kjem til syne her. Mengden kritisk lesnad av Ibsen i forhold til mengden resepsjon totalt gjer at det samla inntrykket er at Ibsen var ein dyktig forfattar og eit verdsnamn i litteraturen, men at lesaren burde tenke meir på denne kritikken og vi burde revurdere Ibsen sin verdi til trass for at han er så «*spillelig*». Ansvaret for denne unøytrale framstillinga ligg hjå formidlaren som presenterer det for oss. Det er Bjerck Hagen som vel ut den resepsjonshistoria SNL fortel om Ibsen. Dette vert drøfta vidare i neste del.

Så er spørsmålet korleis resepsjonen vert formidla på Wikipedia. Her er resepsjonen for det meste fletta inn som ein del av skildringa av forfatterskap og verk. Til dømes vert resepsjonen av *Hedda Gabler* presentert som dette:

Dette har gjort Hedda Gabler til en av de store ønskerollene for kvinnelige karakterskuespillere. I Ibsens samtid gjorde hun voldsomt inntrykk, ikke minst ved teatrene, der kvinneskikkelsjer som var søte, myke, snille og ofte dumme dominerte. I England fikk Hedda spesielt mye å si for en del radikale unge skuespillerinner. Noen av dem, som senere ble ledende i kampen for kvinnelig stemmerett sa senere at å spille Hedda Gabler hadde vært viktig for at de ble aktive i stemmerettskampen. («Henrik Ibsen», Wikipedia, 2023)

Vidare har artikkelen to eigne delar relatert til dette: «Andre om Ibsen» og «Arven etter Ibsen». I sistnemnde finn vi ei liste over museum, skildring av Ibsen-prisen og Ibsen-parken på Løren i Oslo. I «Andre om Ibsen» er det, som i SNL, kritikken som får fokus. Her viser artikkelen til Edvard Grieg, som meinte at «Peer Gynt var det mest umusikalske av alle sujetter» og Knut Hamsun, som «kritiserte den manglende psykologiske dybde i det han kalte Ibsens «dramatiserte tremasse», og dennes overfladiske og todimensjonale figurer» («Henrik

Ibsen», Wikipedia, 2023). Denne kritikken vert ikkje presentert som noko ein har forsøkt å «glatte over» slik SNL gjer og dette meiner eg er ei meir nøytral framstilling.

Men artikkelen på Wikipedia har eit anna problem, nemleg at det fleire stader manglar referansar. Til dømes står det om *Samfundets støtter* at:

Enkelte kritikere har fremholdt at stykkets største svakhet er den lykkelige slutten: Etter å ha stått frem som en kynisk spekulant som er villig til å sende andre i døden, står «hovedskurken» frem som angrende synder, og alle forsones til slutt. Det gjør slutten lite troverdig. Samtidig har det vært hevdet at en mer besk slutt kunne bli for sterke og samfunnskritisk for mange på den tid da stykket ble skrevet. («Henrik Ibsen», Wikipedia, 2023)

Artikkelen informerer ikkje om kven desse «enkelte kritikere» er eller kven som har hevdat at ein meir beisk slutt kunne bli for sterke. Det svekker etosen og artikkelen til Wikipedia at ein ikkje kan sjekke dette. Og ettersom vi ikkje veit kven som har skrive, veit vi heller ikkje kva fagleg tyngde som ligg bak det vi les. Ein kan spørje seg kvar informasjonen kjem frå, og om dette berre er ein tilfeldig enkelperson sine vurderingar og haldningar til verket. Dette demonstrerer at truverdet til Wikipedia er meir skjørt. Og dette er SNL sitt fortrinn: dei fagansvarlege reknar vi med at vi kan stole på. Bjerck Hagen har jo publisert ei bok om Ibsen – dette gjer han sannsynlegvis til ein forstandig og kunnskapsrik avsendar.

5.7 Tilgjengeleg- og synleggjering, tilpassing og relevans

Analysen min har vist at begge leksikon presenterer informasjon om Ibsen sin forfattarskap, biografi og resepsjonen i samtid og ettertid, men at dei vektar ting ulikt. Og generelt brukar Wikipedia meir plass og er meir detaljert i dei fleste ledd. Detaljrikdomen viser seg til dømes ved at artikkelen på Wikipedia avkreftar mytar om Ibsen sin biografi, at han presenterer fagfeltet i større grad og at den gir korte handlingsreferat og resepsjonshistorie til verka. Eg har argumentert for at dette gjer artikkelen meir mottakar-orientert og relevant, medan artikkelen på SNL fleire stader krev forkunnskapar for at informasjonen skal vere nyttig for mottakaren. Så har eg vist at artikkelen på SNL ikkje er nøytral når det kjem til presentasjon av Ibsen, og at både dette og presentasjonen av biografi kan knytast til haldningar hjå artikkelforfattar Erik Bjerck Hagen. Dessutan er det lettare som lesar å gå innhaldet på Wikipedia i saumane og finne referansar til kvar informasjonen kjem frå fordi referansane kjem undervegs. Litteraturlista til Bjerck Hagen er lang og full av anerkjende forskarnamn. Dette er gode kjelder for litteraturstudentar eller andre spesielt interesserte, men for «mannen i gata» eller ein elev i den vidaregåande skulen er det nok ikkje veldig aktuelt å gå dit. Men så er det eit problem med Wikipedia at det ikkje er alt som står der som har referanse, og då fell

mykje av det gode med dette bort. Til dømes er det mykje av resepsjonen som får stå utan referansar. Og analysen av eit verk frå ein enkeltperson som vi ikkje veit kven er, har ikkje like sterkt ethos som den til ein fagansvarleg professor.

6 Om etosen til avsendarane

Dei største innvendingane mot bruk av artiklar frå Wikipedia som kjelde og ein hovudskilnad mellom dei to nettleksikona handlar om korleis dei vert laga og kven som er avsendaren. Det viser analysen min av litteraturformidlinga òg. At vi ikkje veit kven avsendaren er svekker etosen og det er dette som i størst grad påverkar korleis vi samla sett vurderer etosen til Wikipedia. Men teksten på SNL er prega av Bjerck Hagen sin posisjon i fagfeltet og dette gjer at den ikkje er ein nøytral presentasjon.

6.3 Teoretiske perspektiv på etos

Eg drøftar formidling med spesielt fokus på karakteren og truverdet til SNL og Wikipedia som avsendarar av informasjon om Ibsen. Altså: SNL og Wikipedia sin etos.

Etos kan oppstå i sjølve tale- eller tekstsituasjonen, men i denne oppgåva legg eg òg vekt på innleiande etos, altså korleis vår bakgrunnskunnskap om ein avsendar påverkar opplevinga eller inntrykket av karakteren deira. Aristoteles meiner det er tre ting som får ein til å verke overtydande: Forstandigheit, dygd og velvilje, på gresk *fronesis*, *arete* og *eunoia* (Vestrheim, 2018, s. 82). Å bygge ein sterk etos, ein sterk karakter eller truverd, handlar om å gi inntrykk av å ha desse eigenskapane. *Fronesia*, oversett til forstandighet eller eventuelt klokskap, handlar om evna til å «vurdere hva som er godt og nyttig for en selv, ikke på et enkelt område, som helse eller styrke, men hva som er nyttig som et middel til det gode liv rent allment» (Vestrheim, 2018, s. 82). *Arete*, dygder, er eigenskapar som gjer personar eller gjenstandar dugelege og som dannar karakter. Aristoteles skil mellom intellektuelle dygder som visdom og forstand, og etiske dygder som mot, måtehald og rettferd. *Eunoia*, velvilje, er å ønske andre vel for deira eiga skuld. «Den som gir inntrykk av å ha alle de nevnte eigenskapene, vil nødvendigvis vinne tilhørernes tiltro», seier Aristoteles (referert i Vestrheim, 2018, s. 83).

Ein sakprosatekst må altså gi eit truverdig og samanhengande verdsbilete for å ha ein sterk etos. Men, teksten har som regel fleire mål enn å berre vere truverdig. I førre del argumenterte eg til dømes for at litteraturformidlinga må vere relevant for mottakarane og tilpassa sjangeren og det føremålet den er til for. I tillegg kan forfattaren av teksten ha eigne mål med teksten, og spesielt dette vert relevant i analysen min.

Jan Grue (2007) skriv at samspelet mellom sjangerforventingar og kommunikative mål utgjer eit komplekst felt for sjølvrepresentasjon, og dermed etosen til avsendaren (s. 21). Grue sitt utgangspunkt er at ein tydeleg *persona* som avsendar av teksten kan kome i konflikt med andre mål for teksten. Med andre ord: det er relevant å undersøke samspelet mellom etos og

persona hos sakprosaistar. Grue viser til Roger Cherry (1998) sin distinksjon mellom etos og persona – eit analytisk verktøy som differensierer førestillinga om ei heil, udelt forfattarstemme. Etos og persona ligg i to endar av ein gradert skala: Den historiske teksteksterne avsendaren ligg på den eine sida og den iscenesette, tekstinterne avsendaren på den andre. Cherry oppsummerer dei to omgrepa slik:

With its roots in the rhetorical tradition, ethos refers to a set of characteristics that, if attributed to a writer on the basis of textual evidence, will enhance the writer's credibility. Persona, on the other hand, traces its roots through literature and literary criticism and provides a way of describing the roles authors create for themselves in written discourse given their representations of audience, subject matter, and other elements of context. [...] Ethos and persona are not mutually exclusive, but interact with one another in rather complex ways. (Cherry, 1998, referert i Grue, 2007, s. 22)

Men Grue peikar på at denne modellen er problematisk når det gjeld tekstar der sjølvrepresentasjonen er ei samanveving av avsendaren sin personlege etos og eventuelle ytre, institusjonelle etos som ein forfattar er del av (2007, s. 23). Han skildrar filmmeldingar som ein slik sjanger, og eg vil meine at det er leksikonartiklar òg. Her fungerer etosen til forfattarane av kvar enkelt artikkel i samspel med etosen til institusjonen som leksikonet er gitt ut av – i dette tilfellet Wikipedia og Store norske leksikon. Grue avsluttar artikkelen sin med å oppmøde til meir undersøking av og eit sterkare skilje mellom personleg og institusjonell etos «i vår institusjonsmedierte hverdag» (s. 29). Omgrepa er sentrale i denne oppgåva fordi dei dreier seg om noko av det som i størst grad påverkar og skil mellom etosane til SNL og Wikipedia, nemleg at dei to leksikona vert produsert på ulik måte og har ulik institusjonell forankring.

6.4 Den institusjonelle etosen

Organisasjonsstrukturane og rammene for artikkelutforming er grunnlaget for leksikona sine institusjonelle etosar. I denne delen undersøker eg korleis produksjonen på SNL og Wikipedia er kvalitetssikra og kva dette betyr for etosane deira som avsendarar av nettopp litteraturformidling.

Due (2018) skriv at organisasjonsstrukturen til SNL er den viktigaste kvalitetssikringa til leksikonet. Det er fagpersonar som er tilsett av universitet, høgskular og andre institusjonar med fagleg tyngde som førehandsgodkjener informasjon før artiklar vert publisert (s. 43). Samanlikna med andre former for kunnskap vert forskingsbasert kunnskap sett som meir sann, grundigare og betre fundert. Dette utstråler forstandigheit og skaper truverd og ein sterk institusjonell etos.

Eg meiner at ei annan form for kvalitetssikring ligg i forfattarrettleiinga (sjå s. 17), som skildrar korleis ein skal skrive leksikonartiklane. Dette skal fungere som ein garanti for at kvaliteten på artiklane held eit visst nivå. For alle som vil kan bidra med enkeltartiklar og endringar i leksikonet ved å opprette ein brukar og skrive forslag til nye artiklar eller endringar i eksisterande artiklar. Men på grunn av den strenge regelen for publisering – det er alltid berre dei fagansvarlege som kan publisere – er det den fagansvarlege som er den største kvalitetssikringa. Det betyr at etosen til artikkelen på SNL i stor grad også er Bjerck Hagen sin personlege etos. Statusen hans som professor i allmenn litteraturvitenskap inneber at han veit meir enn dei fleste om dette emnet og er ein svært kunnskapsrik og forstandig avsendar. Men, som eg viste i førre del, er det likevel nokre moment ved formidlinga av Ibsen som ikkje er like oppdaterte og opplysende på SNL. Dette knyter eg òg til den personlege etosen til Bjerck Hagen og dette samspelet mellom institusjonell og personleg etos kjem eg tilbake til.

Til trass for denne kvalitetssikringa finst det feil også på SNL. David Tørre Asprusten er lærar og bibliotekar og jobbar som quiz-forfattar. I eit debattinnlegg skriv han at han fann 180 faktafeil i Store norske leksikon i 2021 og at vi ikkje kan akseptere dette i Noreg sin største kunnskapsbase med kvalitetssikra innhald (2022). Han viser til både faktafeil, som at det stod at den første kvinnelege partileiaren i Noreg var Eva Kolstad (i staden for Berit Ås), men òg til det han kallar «gløymefeil»: at ting som burde vore med, er gløymt. Han viser til dømes til artikkelen om Edvard Grieg, som ikkje nemner sentrale musikkstykke som «Morgenstemning», «Solveigs sang» eller «Våren». Asprusten meiner feila kjem av at SNL har for låge inntekter til at dei 900 fagansvarlege kan jobbe heiltid med det. Han reknar seg fram til at dei 28,1 millionane SNL har i året tilsvarar to vekers årleg arbeid per fagansvarleg (2022). Dette belyser aspekt ved loggen som eg har analysert. Kanskje kan det forklare at det er så få versjonar og endringar i artikkelen: Dei fagansvarlege har rett og slett ikkje tid til å sjekke og oppdatere artiklane oftare. Så er det òg ein del av forfattarrettleiinga at artiklane skal presentere varig og haldbar informasjon. Dette heng jo saman med leksikon-sjangeren, men samtidig kan det botne i at dei ansvarlege ikkje har tid til å oppdatere oftare. Og i samband med artikkelen om Ibsen var det jo til dømes overraskande at den ikkje var oppdatert med nyare biografi-forsking som er gjort dei siste ti åra. Her er det ein mangel i kvalitetssikringa til SNL som viser at den kunne vore grundigare.

Asprusten er òg inne på at språket ikkje er lett tilgjengeleg for alle og spesielt yngre lestarar (2022). På bakgrunn av denne typen tilbakemeldingar frå elevar, lærarar og foreldre har SNL annonsert at dei no skal opprette «Lille norske leksikon», som skal tilby det same som Store norske leksikon, men i eit enklare språk. Også her skal det vere eit kvalitetssikra

faktainnhald med namngitte forfattarar og fagekspertar som kvalitetssikrar innhaldet. Dette er verkeleg flott, spesielt i eit skule- og samfunnsperspektiv. Men eg lurar likevel på om det kunne vore bra med større kvalitetssikring av det ordinære innhaldet til SNL òg. Asprusten avsluttar debattinnlegget sitt med å argumentere for at auka støtte til SNL er ein billig måte å utjamne skilnader i samfunnet på: Koronapandemien og dei økonomiske nedgangstidene som følgjer gjer skilnadene i samfunnet vårt større – og det vert meir rettferdig jo likare tilgang ein har på kunnskap (2022).

Og nettopp dette peikar på målet til grunnleggjarane og bidragsytarane på Wikipedia om «å skape en fri encyklopedi. Den største encyklopedi i historien både i bredden og i dybden. Vi ønsker også at Wikipedia blir en ressurs man kan stole på» («Anbefalinger og retningslinjer», 2023). Dette er jo etosbygging. Det uttrykker velvilje overfor mottakaren gjennom eit ønske om å både vere fritt tilgjengeleg for alle, og til å stole på. Og det viser til store ambisjonar om kunnskapsnivå – at det skal vere den største både i breidde og djupn. Frå eit intensjonsperspektiv er det altså ikkje noko å utsetje på Wikipedia sin institusjonelle etos.

Men det verkar utfordrande å sikre fagleg kvalitet som ein kan stole på når ein ikkje kan vite noko om den faglege kompetansen til dei som skriv og publiserer. Likevel stemmer ikkje den utbreidde førestillinga om at det er fritt fram for alle som vil å skrive kva som helst. Dan O’Sullivan skriv i *Wikipedia – a New Community of Practice?*:

A common misapprehension about Wikipedia is that it consists of a chaotic free-for-all to which anyone can add whatever they fancy. This is far from the case. Behind its public face lies a vast and complex organization containing, for instance, dozens of pages of rules, conventions and advice to potential editors, and further pages involving discussion of each of these. Most of the consultation the encyclopedia will only be interested in the article pages, but these are like the visible part of an iceberg.
(O’Sullivan, 2016, s. 93)

Så kva er dette isfjellet som ligg under artiklane på Wikipedia og som skal sikre innhaldet? Først vil eg trekke fram Wikipedia si prosjektside der ein kan finne stilmanual, tilrådingar og retningslinjer. Alt er basert på Wikipedia sine «fem søyler».

I prosjektsida til Wikipedia kan ein finne heile 40 sider under kategorien «tilrådingar» og 17 sider under «retningslinjer» som det er forventa at bidragsytarane skal prøve å leve opp til. Også desse sidene er opne for diskusjon – det finst eigne diskusjonssider som dreier seg om nettopp utforming og reglar for leksikonet. Under retningslinjer finn ein til dømes sider om nøyaktigkeit og om opphavsrett til materiale. Tilrådingane er hjelp til korleis ein kan utforme spesifikke sider, som til dømes korleis ein biografi skal sjå ut og konvensjonar for å gi namn til artiklar. Desse skildrar praksis som er «underbygget av en uttrykt eller stilltende

konsensus». Vidare har Wikipedia tre retningslinjer for artikkelinnhald som alle tydeleg dreier seg om å bygge truverd: verifiserbarheit, inga original forsking og (som ein repetisjon frå dei fem søylene) nøytral ståstad. Retningslinja om verifiserbarheit har tre delar: 1) artiklar bør berre innehalde materiale som er publisert av velrenomerte kjelder, 2) brukarar som legg til nytt materiale i ein artikkel bør sitere ei velrenomert kjelde, viss ikkje kan ein kvar annan brukar fjerne materialet og 3) forpliktinga til å frambringe ei velrenomert kjelde ligg på dei som ønskjer å inkludere materialet, ikkje dei som vil fjerne det («Innholdspolitikk», Wikipedia, 2023).

Til saman er det altså meir enn berre eit dusin med sider, konvensjonar og råd. Men så er spørsmålet om det faktisk fungerer. Og fordi Wikipedia er ope for at alle kan redigere direkte på sida hender det sjølvsagt at artiklar plutseleg får innhald som ikkje har noko med saka å gjere, avsnitt med falsk informasjon eller at innhald berre vert fjerna. Dette bidreg til det utbreidde inntrykket av at Wikipedia kan vere «fullt av tull» eller i alle fall ikkje påliteleg. Det heng òg saman med anonymiteten til leksikonet, som Keen argumenterer for at fører til ein «cult of the amateur» som gjer at kvalitetssikring vert kasta bort av ugrunna påstandar (Keen, 2007). Poenget er at når ein ikkje treng å skrive under med namn, vert det meir sannsynleg at innhaldet ein publiserer ikkje har høg kvalitet.

Anne-Cathrine Lund problematiserer anonymiteten på Wikipedia i ei masteroppgåve frå 2011. Ho spør, som meg: korleis kan Wikipedia oppretthalde posisjonen sin som påliteleg informasjonskjelde når kven som helst kan redigere ein artikkel anonymt? Svaret hennar er at på trass av denne organisasjonsstrukturen er faktum at den overveldande majoriteten av artiklane er full av korrekt og relevant informasjon om sitt tema. Grunnen er at Wikipedia gjer det vanskeleg for vandalar å lukkast. For det første er det mogleg for administratorar å blokkere brukarnamn eller IP-adresser som driv vandalism fleire gonger. Dei kan og verne om ei side slik at det berre er registrerte brukarar eller administratorar som kan redigere den. Det gjer ein på artiklar som er spesielt utsett for vandalism (2011, s. 77). Døme på norske artiklar som er verna er «Konspirasjonsteoriar om 11. september», «Märtha Louise», «Jødedom» og (morosamt nok for ein nynorskbrukar) «Ivar Aasen» («Beskyttede sider», Wikipedia, 2023). Mange av oss assosierer Wikipedia med denne vandalismen. Men ei oppteljing frå 2014 viste at dette skjedde på 1 av 41 sider («Vandalisme», 2023). Og vandalism vert altså raskt oppdaga fordi nokre bidragsytarar på Wikipedia faktisk har ansvar for å overvake sidene. Som gjennomgangen min viste, gjaldt dette òg i artikkelen om Ibsen – dei vart raskt tilbakestilte til riktig versjon, nokre gongar etter berre eit par timer. Dette kjem òg av at Wikipedia har gitt nokre bidragsytarar redaktør-ansvar.

Men Wikipedia har ei anna form for leiarskap eller tilsyn enn Store norske leksikon sine fagekspertar. Ei lita gruppe redaktørar har system- og administratorrettar, slik at dei til dømes kan verne artiklar som lett vert vandalisert. Administratorane vert valt ut etter ei fagfellevurdering og er personar som har vist engasjement til Wikipedia over lang tid (O’Sullivan, 2016). Lund (2011) utdjupar og skildrar korleis Wikipedia sørger for at det krev mindre tid og ressursar å rette opp vandalismen enn å gjere hærverk. Ved å trykke på ein knapp kan ein administrator få fjerna endringa som inneheld vandalismen, og artikkelen vert tilbakestilt til førre versjon. Clay Shirky (2008) skriv at dette har demotiverande effekt på dei som vandaliserer, fordi det er lita hensikt å investere tid og energi på noko ein kan fjerne på få sekund. Vidare skriv han at viss det vert oppdaga eller mistenkt at ein bidragsytar har gjort hærverk på fleire artiklar kan ein enkelt få oversikt over alle desse og tilbakestille. Dette aukar sjansen for å oppdage vandalismen i eit stort omfang av artiklar (s. 138-139).

Due peikar faktisk på at anonymiteten kan sørge for kvalitetssikring fordi det senkar terskelen for å bidra som igjen gjer at leksikonet lettare vert oppdatert (2018, s. 47-48). Når ein registrerer seg som brukar for å verte bidragsytar på Wikipedia må ein opprette eit brukarnamn som er synleg for alle brukarar. Dei kan velje å nytte eige namn, men det er ei felles forståing om at det går imot Wikipedia si ånd: anonymiseringa gjer at bidragsytarane berre vert dømt ut frå innsatsen sin på Wikipedia og ikkje kva dei gjer i den verkelege verda. O’Sullivan skriv at viss kvar bidragsytar vart spurt om namn og yrke, ville nok dei fleste droppa arbeidet og det ville berre vere ein høgare utdanna elite igjen, som verken hadde tid eller moglegheit til å vedlikehalde ein så stor encyklopedi (2016, s. 88). Ein annan fordel med anonymitet er at det bidreg til ein kommunikasjon med færre status-avgrensingar. Redaktørane kan kommunisere utan påverknad av sosiale normer og kan heller ikkje bedømme kvarandre ut frå religion, etnisitet eller utdanning. Det må bli sakleg argumentasjon heller enn maktkamp basert på status eller stilling. På denne måten fungerer anonymiseringa demokratiserande.

Lund (2011) gjennomførte ei spørjeundersøking blant Wikipedia sine bidragsytarar som viste at berre 10,6 % av respondentane hadde bidrige til Store norske leksikon òg – trass i at begge nettleksikona er opne for dugnad og har same målgruppe. Ho peikar på fleire årsaker til at SNL ikkje mobiliserer fleire bidragsytarar. Det er sjølv sagt eit poeng at det er nokre år sidan denne undersøkinga vart gjennomført, altså i 2011, og at mykje har skjedd sidan då, men ho peikar på noko som framleis er relevant – nemleg at SNL baserer seg på same organisasjonsstruktur som Wikipedia sin forgjengar: Neupedia. Også her måtte artiklane gjennom fleire steg før dei vart publisert. Dette medfører mange og lange prosessar, som gjer

at mange bidragsytarar fell frå. Vidare skriv ho at prosessen som er knytt til kvalitetskontroll vert for komplisert for bidragsytarane slik at kostnaden for å delta vert for høg for mange (s. 79). Respondentane svarar mellom anna at dei ikkje har tid, ikkje synest brukargrensensnittet er tiltalande, ikkje vil logge inn og bidra når dei må skrive fullt namn og telefonnummer. Dei problematiserer òg korleis SNL ikkje er bygd opp på same demokratisk-meritokratiske syn på kunnskap som Wikipedia: «Hadde jeg bidratt til SNL, ville jeg følt at jeg gjorde gratisarbeid for en redaksjon» (Lund, 2011, s. 79). Fleire svarar at det i hovudsak var eit tungvint system med dårlig oppfølging og lang behandlingstid, og for høg terskel for å bidra. Dette understrekar poenga til Asprusten (2022) om at SNL hadde hatt godt av fleire ressursar.

Til slutt vil eg trekke fram ein siste ting som Due òg peikar på, nemleg at prinsippet om nøytralitet kan bidra til kvalitetssikring. Dette prinsippet er både ei av dei fem søyrene og ei retningslinje for artikkelinnhald og det skal sikre at tekstane ikkje vert prega av personlege verdivurderingar. Som sjangerkrav minner jo dette om SNL sitt krav om å fortelje det essensielle om temaet og vere balansert. Men i følgje Clemens Cap vert prinsippet om nøytralitet utfordra av ein alternativ posisjon, nemleg «every point of view» – alle sin synestvinkel – fordi han meiner det ikkje finst noko heilt nøytralt synespunkt: «Content neutrality demands to store and provide content without any evaluation of its merit regarding to any chosen cultural, social or ethical standard or even any other measure of notability, correctness or suitability of any kind» (Cap, 2012, s. 1091). I innleiinga nemnde eg Lanier sin kritikk av nøytralitetsprinsippet, som er at det ikkje oppfyller hensikta si, men heller fjernar synestvinkel fullstendig (2011, s. 48). I essayet «Digital Maoism» åtvara Lanier (2006) mot «the Hazards of the New Online Collectivism». Han argumenterte for at Wikipedia var eit døme på ein tendens i samtidia til å gi kollektiv tenking makt på kostnad av kunnskap frå enkeltindivid. Han meinte at den kollektive prosessen som ligg bak produksjonen på Wikipedia ikkje automatisk sorterer ut feil og at det ikkje finst nokon garanti for at slik kollektiv innsats vert betre over tid. Men, som fleire samanlikningar har synleggjort, så viser det seg jo at Wikipedia faktisk har eit like kvalitetssikkert innhald som SNL (Due, 2018 og Zahl, 2009).

Så langt har eg skildra produksjonsformene til leksikona og kva mekanismar dei har for kvalitetssikring. Dette dreier seg om bygging av institusjonell etos. På Wikipedia er dei fem søyrene retta mot fellesskapet og korleis bidragsytane skal gå fram. Det heng saman med produksjonsforma: Alle som vil kan publisere og redigere. Dei fem søyrene, retningslinjene og tilrådingane kan fungere som opplæring for bidragsytarane og kan styrke den institusjonelle etosen. På SNL er denne etosen allereie sterk på grunn av tilknytinga til

universiteta og den faglege kompetansen dette sikrar hjå dei som publiserer. Eg går ut frå at det er difor krava til leksikonartikkelen berre er knytt til utforminga av sjølve teksten. Å regulere åtferda til bidragsytarane på SNL er ikkje like viktig når dei som i siste instans publiserer uansett er tilsett på fagleg grunnlag.

Så da er spørsmålet – kven er eigentleg produsentane, avsendarane av nettopp desse artiklane, og kva kan vi seie om etosane deira?

Artikkelen på Wikipedia er redigert av over 100 bidragsytarar, og eg har ikkje hatt moglegheit til å talfeste kor mange av desse som har fått sine versjonar ståande over tid. Det er ikkje mogleg å fastslå tal på brukarar på Wikipedia fordi det kan vere opptil 65 000 treff på eitt sekund. Ei undersøking gjennomført i 2008 viste at mindre enn 2 % av brukarane bidreg til leksikonet, og at det blant desse er store skilnader i korleis dei faktisk bidreg – dei fleste endrar berre ein eller eit fåtal artiklar (O’Sullivan, 2016, s. 85). Det er altså sannsynleg at det er nokre få svært aktive bidragsytarar og ei stor gruppe som ikkje er så aktive. Dette viste seg å stemme i gjennomgangen eg har gjort av loggen til artikkelen om Ibsen. Dei fleste store endringane er gjort av nokre få bidragsytarar som har vore innom artikkelen fleire gonger i løpet av ein månad eller lengre tid for å legge til og endre informasjon. Det kan sjå ut som det er nokon som er spesielt interessert i Ibsen som har sett seg føre å oppdatere artikkelen som eit lite prosjekt.

Ein kan lure på kva det er som får folk til å skrive på Wikipedia, bli redaktørar og bidragsytarar? Kvifor er det relativt mange som frivillig skriv lange artiklar for ein encyklopedi utan å få noko for det? Ein nøkkelfaktor er at det er så enkelt å delta – alle med tilgang til internett kan bidra og ein kan legge til eller endre alt frå heile artiklar til enkle skrivefeil. Slik legg Wikipedia til rette for samarbeid mellom enkelpersonar, men òg ein disiplin og ei forplikting til å jobbe mot eit felles mål, med ein bestemt skrivemåte og oppbygging. Vidare involverer nok attraksjonen til å bidra ønsket om å høyre til i eit fellesskap, bli kjend att og verdsett i eit fellesskap bygd på samarbeid. Bidragsytarane sjølv kallar seg iblant «wikipediaarar», som nesten vitnar om ein identitet knytt til det å vere medlem (O’Sullivan, 2016, s. 87). Medlemskapen i dette fellesskapet gir bidragsytarane gjensidig støtte, og skaper tilhørsle gjennom identifikasjon med eit felles mål og engasjement for kunnskap om spesifikke felt – til dømes Ibsen.

Gjennomgangen av loggen viste som skildra at det var nokre få bidragsytarar som stod bak det meste av artikkelen om Ibsen. Vi kan ikkje vite kven dei er, men vi kan sjå på i kva grad dei følgjer retningslinjene – verifiserbarheit, inga original forsking og objektivitet – som skal styrke leksikonet si forstandigheit og dygd. Objektiviteten til artiklane drøfta eg i førre

del. På den eine sida følgjer artikkelen denne retningslinja ved å presentere ulike sider av forskingsfeltet om Ibsen. Men på den andre sida er det problematisk at artikkelen presenterer analysar av verk og karakterar utan at vi veit kven som står bak analysen. Og dersom det er den enkelte bidragsytaren sin lesnad av eit verk som vert presentert, er det faktisk slik at teksten nærmar seg mot å presentere original forsking. For litterære analyser av verk er jo i stor grad det vi driv med når vi forskar på litteratur. Når det gjeld retningslinja om verifiserbarheit, handlar det om at ein skal kunne sjå kvar informasjonen kjem frå. Berre éin plass kan eg finne ein markør for at det manglar kjelde til informasjon i artikkelen om Ibsen, altså ein parentes som fortel meg at noko «mangler kilde). Men, som eg peika på i førre del er det fleire problem med referansar på Wikipedia enn at det manglar kjelder. Det er til dømes knytt til tolkingar og vurderingar av verk, som fleire stadar manglar referanse, noko som svekker etosen.

I kontrast til denne manglende informasjonen om avsendar på Wikipedia, finn vi nedst på artikkelsida på SNL tydeleg informasjon om at det er Erik Bjerck Hagen som er fagansvarleg for temaet «Norges litteratur på 1800-talet», og for denne artikkelen. Vi kan klikke oss vidare på namnet hans og lese om kven han er i ein eigen artikkel. Her kan vi lese at Bjerck Hagen er professor i allmenn litteraturvitenskap og at han har ansvar for fire andre kategoriar og til saman 604 artiklar på SNL. Det er ikkje veldig mykje informasjon, men det er nok for føremålet her: å vise at avsendaren har status som kunnskapsrik og er ein høveleg forfattar av denne artikkelen. Med desse relativt små bitane med informasjon nyttar SNL nettleksikon-mediet sitt design for å underbygge etosen hans.

6.5 Etosbygging gjennom design, referansar og fleirstemmigheit

Iben Brinch Jørgensen (2019) skildrar korleis val av medium, design og materialitet har retorisk tyding for det som vert formidla, og at form og innhald heng saman. Dette gjeld i stor grad for artiklar på internett:

Derfor er det ikke bare det å peke på hva designet *er*, som vert viktig, men hva designet *gjør*, retorisk. Stil har siden Aristoteles pekte ut *anskueliggjøring*, hatt øye for det visuelle, og med internett har tekster og sjanger i større grad blitt intertekstuelle og polyfone, medieoverskridende og multimodale (Jørgensen, 2019, s. 121).

Så kva er det desse artiklane *gjer* retorisk? Eg startar med multimodaliteten, som handlar om dei ulike måtane artiklane formidlar stoffet vi kan sjå på. Artiklane har både tekst og bilete og er dermed multimodale. Eg vil peike på eit par trekk ved den visuelle utforminga av artiklane som kan påverke inntrykket dei gir og dermed etosane deira.

Det første eg vil trekke fram er lengda på artiklane og at den på SNL er så mykje kortare. Gitt all forsking som finst om Ibsen, og at han er så sentral i skulen, overraskar det meg at det ikkje er meir tekst på den sida som skal vere Noreg sin største nettstad for forskingsformidling. Kanskje er det igjen organisasjonsstrukturen og dei få ressursane som gjer det vanskeleg fordi dei fagansvarlege ikkje har nok insentiv til å drive nettstaden.

Begge er nettartiklar har svart font og bilete på lys grå bakgrunn. Begge har ein faktaboks på høgre side med informasjon om fullt namn, virke, dato og stad for fødsel og død og familie. I tillegg har Wikipedia informasjon om utmerkingar, kven han hadde påverknad over og andre opplysingar. I løpet av teksten har artiklane på både SNL og Wikipedia lenker til andre sider i same leksikon. Når vi les om *Hedda Gabler*, kan vi klikke oss vidare til ein eigen artikkel om stykket. Alle lenkene fungerer som ekstra informasjon om temaet, men vil òg auke aktiviteten på leksikona sine sider i det ein lesar kan finne ei lenke interessant, trykke seg vidare og lese meir. Begge artiklane er delt inn i fleire seksjonar med under-overskrifter. I Wikipedia kan ein finne desse i ein meny øvst i artikkelen og slik gjer artikkelen det enkelt å finne akkurat den informasjonen ein leitar etter – skal ein til dømes lese om *Hedda Gabler* kan ein klikke seg direkte dit. Denne funksjonen har ikkje SNL, men til gjengjeld er artikkelen her kortare og då er det kanskje ikkje like naudsynt med ein slik navigeringsfunksjon.

Ein annan skilnad er fonten. På SNL er det ein font med serifar medan Wikipedia har ein font utan serifar. Serifar er dei små utstikkande lemane på bokstavane, som til dømes teksten i denne oppgåva har. Dei to fontane minner høvesvis om det vi gjerne assosierer med tekst i bøker versus på internett. Ved å bruke ein serif-font knyter SNL an til tradisjonar. Det er ein typisk bok-font. Dette gjer at SNL i større grad liknar på eit fysisk leksikon. Jørgensen skildrar korleis skriftypar med serifar, som Times New Roman, ikkje er like lesbare på skjerm som til dømes Arial, som ikkje har serifar (2019, s. 105). Dette er grunnen til at dei fleste nettsider nyttar fontar utan serifar medan bøker gjerne har serif font. Artiklar på Wikipedia ser difor meir ut som nettsider i utforminga og dermed ser dei òg meir moderne eller digitale ut enn artiklar på SNL. Fargane på teksten medverkar til dette. Der all tekst på SNL er svart er den på Wikipedia farga der det er lenker. Dette oppfordrar til å klikke seg vidare.

Samla skaper dette eit inntrykk av at Wikipedia er ei meir moderne og aktuell form for kunnskapsformidling. Sida er meir oppdatert og i tida, medan SNL hermar etter bokleksikonet, som er ei meir utdatert informasjonskjelde. Dette viser seg òg i måten leksikona refererer til informasjonen som står der på. Dei fleste tekstar vi omgir oss med er

fleirstemmige og intertekstuelle fordi dei på ulike måtar viser til andre personar sine ytringar og refererer eller alluderer til andre tekstar. Slik kan dei bestå av fleire lag av meiningsskaping og fleire bodskapar. Litteraturformidling inneber fleirstemmigheit fordi det handlar om å distribuere litteratur og vere eit mellomledd mellom litteratur og lesarar. I leksikonartiklane finn vi dette i referansane til dei ulike verka av Ibsen, til Ibsen-forskarar, resepsjonshistorie og i referansar, både ved tilvising undervegs i teksten og i lister med tilrådd litteratur.

Referansane fungerer òg som kvalitetssikring og etosbygging, og her er det svært ulik praksis på dei to nettleksikona. Der Wikipedia refererer til informasjon i referansar undervegs i teksten, gjer SNL det ikkje, men har i staden ei liste med referansar og vidare lesing på slutten av artikkelen. Dette kan utfordre dei utbreidde kritiske haldningane til bruk av Wikipedia framfor SNL i den grad Wikipedia reflekterer fagfeltet og forskinga i større grad enn SNL. Første referanse kjem inn i Wikipedia-artikkelen 27.05.2006 – før dette er det berre eksterne lenker. Det tek både meir plass i artikkelen ved at fagfeltet og forskarar vert eksplisitt nemnd, og det kjem fram i dei gjennomgåande referansane. Dette styrker etosen til Wikipedia som formidlar av eit fagfelt. Og det liknar måten vi på universitetet lærer å behandle kjelder og vise til andre for å bygge eigne argument.

I artikkelen på SNL finst det ingen slike skildringar av fagfeltet, men ei litteraturliste i tre delar. Det er først «Standarverka om Ibsen»: Gran, Koht og Bull. Så er det «Nyere litteratur om Ibsen» med seks verk til slutt der vi kan finne Henrik Ibsens Skrifter I-XVII, de Figueiredo, Kittang, Moi, Rønning og Rem. Og til slutt er det ei utvida litteraturliste med 30 verk. Til samanlikning har Wikipedia-artikkelen i dag 64 referansar og 21 eksterne lenker. At SNL ikkje viser til referansar undervegs, kan kanskje vere på grunn av leksikon-sjangeren, og at informasjonen der skal vere allmenn kunnskap som ikkje er knytt til nokon spesifikk person eller forskar. Og dette er knytt til det Grue skildrar som institusjonell etos – teksten sitt truverd er sikra fordi den er kvalitetssikra av SNL sin faglege tyngde og lista av eigalar i universitets- og høgskule-sektoren (fotnoten s. 8). Men, det er likevel overraskande at det som er produsert av Noreg si største nettside for forskingsformidling faktisk har lågare krav til kjeldetilvisingar enn eit oppslagsverk der alle kan redigere og publisere. Det er òg påfallande at til og med det som skal vere «nyare» forsking ikkje har nyare referansar enn frå 2007.

Stemmene i teksten kan òg vere andre enn kjelder og referansar. I resepsjonsdelen til SNL er det som skildra referert til fleire samtidige forfattarar sine vurderingar av Ibsen. Slik kjem dei til orde – og slik nyttar SNL deira stemmer for å underbygge sitt eige argument og sin eigen etos. Bjørnstjerne Bjørnson, Arne Garborg og Aasmund Olavsson Vinje er kjende

namn i nordisk litteratur og dermed kan vurderingane deira underbygge Bjerck Hagen si framstilling. For til trass for målet om upartiske framstillingar så er jo artikkelen knytt til Bjerck Hagen, som har skrive og er fagansvarleg for den.

SNL sin etos kviler i stor grad på nettopp det at det er fagansvarlege som skriv og har ansvar for artiklane der. Krava ein må oppfylle for å vere bidragsytar sikrar fagleg tyngde og fungerer som ein garanti for at innhaldet er produsert av kunnskapsrike personar. SNL har ein sterk etos fordi det er skrive av fagansvarlege og eigmundet av universiteta. Eg lurer på om dette er rasjonale bak det at dei ikkje har referansar undervegs i teksten: Artiklane er både skrivne av ekspertar på sine felt som kan vere referansar i seg sjølv – dei har sterke personlege etosar. I tillegg skal dei etterlikne bokleksikonet, som skulle gi ein nøytral og samla presentasjon av eit tema. Men eg vil argumentere for at det bør vere sterkare krav til at vitskapleg tilsette forskarar skal oppgi kjelder. Dette vitnar om eit delvis utdatert syn på kunnskap og henting av informasjon. Det stammar frå tida før internett då leksikonet var ei bok som skulle innehalde varig og påliteleg kunnskap om eit emne. Slik sett er utforminga av Wikipedia meir i tråd med korleis informasjonsflyten fungerer i samfunnet elles.

Referansane er ein del av teksten sitt innhald, men teknisk sett høyrer dei òg til det som er forma. Og korleis vi ser og opplever teksten – spelar ei stor rolle for korleis vi opplever han. Til dømes er det jo slik at når vi ser parentesar, namn, årstal og sidetal så kan det styrke truverdet fordi vi forstår at dette er ein referanse.

Måten Erik Bjerck Hagen vert presentert som forfattar av artikkelen på SNL er òg ei side ved det multimodale og digitale nettleksikon-mediet som verkar positivt for det personlege etosen hans. Nedst på artikkelen finn vi biletet av Bjerck Hagen og logoen til Universitetet i Bergen med informasjon om ansvaret deira for artikkelen. Designet til SNL sidestiller professoren Erik Bjerck Hagen og Universitetet i Bergen som avsendarar av artikkelen. Det gir ein dobbel fagleg tyngde. Klikkar vi inn på namnet til Bjerck Hagen, finn vi ei eiga artikkelside om han som fortel at han er fagansvarleg for fem kategoriar på SNL, at han har skrive 19 artiklar og at han har utgitt ei rekke bøker. Ved å vise til alle desse andre tekstane som er skrivne av Bjerck Hagen, bygger leksikonet opp om han som avsendar. Her ser vi godt samspelet mellom det personlege og det institusjonelle etosen.



FAGANSVARLIG FOR NORGES LITTERATUR 1800-TALLET
Erik Bjerck Hagen
UNIVERSITETET I BERGEN



Universitetet i Bergen er en av
institusjonene som står bak
Store norske leksikon.

Figur 3: Presentasjon av artikkelforfattar på SNL

6.6 Samspelet mellom personleg og institusjonell etos

Fleire av funna og argumenta mine er knytt til Grue og skiljet mellom personleg og institusjonell etos i (2007, s. 29). Organisasjonsstrukturen til SNL bygger ein sterk innleiane institusjonell etos. Den gjer òg at sjølv om det er fagansvarlege som skriv, opplever nok dei fleste leesarar at avsendaren er ein institusjon og ikkje ein person. Elevane mine vil nok seie at dei har lese noko på SNL, ikkje i ein artikkel av Erik Bjerck Hagen. Wikipedia har eit svakare innleiane institusjonell etos og anonymiteten i artiklane gjer at ein ikkje kan snakke om nokon personleg etos. Dette er likevel ikkje heilt rett fram – for artiklane er jo skrivne av individuelle bidragsytalar. Versjonsloggen på Wikipedia gir spor av etosbygging og viser ein indre justis som fiksar feil og regulerer informasjonen i artikkelen. Kommentarar frå bidragsytalar som endrar på artikkelen demonstrerer korleis dei sjølv reflekterer over utforminga av teksten og rolla til Wikipedia. Her kjem nokre døme:

5. april 2006 vert det lagt til eit lite avsnitt om at det er Ibsen-året, 100 år etter Ibsen sin død og at han skal feirast over heile verda. At dette vert innført vitnar om at ein bidragsyta forsøker å halde artikkelen dagsaktuell. Men, dette vert fjerna neste dag av ein bidragsyta som skriv at «vi bør tilstrebe en mer tidløs tekst».

27. august 2011 skriv ein brukar eit avsnitt som samanliknar barndommen til Ibsen med Shakespeare sin barndom. Same dag vert det fjerna av ein annan bidragsyta som skriv at dette er morosamt i ein kronikk, men «ikke relevant i leksikon». I begge tilfella er det kanskje retningslinja om at Wikipedia er ein encyklopedi og ikkje ei avis, som har påverka bidragsytarane til å redigere.

2. februar 2007 vert 19966 byte fjerna. Dette er avsnittet «Frå Lom til Luster» og bidragsytaren som gjer endringa skriv at årsaka er «av uproporsjonal grundighet»: «Jeg blir nødt til å arbeide med artikkelen på siden. Avsnittet er forbannet viktig, det er her han fikk inspirasjonen til Brand, hans gjennombrudd som dikter» («Henrik Ibsen», Wikipedia, 2007). Det resulterer i at avsnittet vert gjort om til ein eigen Wikipedia-artikkel. Dette dømet viser ein nesten komisk seriøsitet i måten bidragsytaren skriv om Ibsen. Det vitnar om ein eldsjel-haldning til Wikipedia-prosjektet når ein opplever Ibsen som så «forbannet viktig» at ein må skrive om han med «uproporsjonal grundighet».

Fordi Wikipedia-artiklane vert sjekka av så mange, krev det at bidragsytarane sjølv har ein literacy på nett – dei må vite korleis dei skal nytte kjelder, velje ut oppdatert informasjon og vurdere informasjon som objektiv. Og dette viser det seg at dei i stor grad oppfyller i artikkelen om Ibsen. Som eg har argumentert for er artikkelen på Wikipedia både meir

oppdatert og objektiv enn SNL sin, som viste seg å presentere fleire kritiske haldningar og ei forteljing som passar godt til Bjerck Hagen si faglege posisjonering. Det kan vere problematisk at det er enkeltpersonar som har ansvar fordi det gir dei diskursiv makt over artiklane og moglegheit til å fremje ein agenda innanfor feltet sitt.

Johan Tønnesson skriv om vitskapen og vitskapsformidlarar sin ethos i *Vitenskapens stemmer* (2001). Han viser til Kjørup (1996) si innvending mot ideen om at humanistiske vitskapsfolk er meir edle enn andre: «Det er slet og ret intet der tyder på at humanistisk uddannelse skaber bedre mennesker» (Kjørup, referert i Tønnesson, 2001, s. 28). Vidare refererer han til Kjeldstadli (1992) som er inne på noko liknande når han skriv at «Forskningsmiljøet er ingen (...) uavhengig gruppe, ingen frittsvevende intelligens utenfor samfunnet, uten egne interesser og verdier. Også intellektuelle er historisk og sosialt plasserte» (Kjeldstadli, referert i Tønnesson, 2001, s. 28). Tønnesson meiner at vitskapen sitt krav om kritikk og pålitelegheit er eit av forskarar sine *privilegium* – og at det går an å vere partisk så lenge ein er sakleg og ikkje misvisande (Tønnesson, 2001, s. 28). Men dette peikar mot forskingsartiklar eller bøker – ikkje leksikon for folkeopplysing.

Litteratur- og Ibsen-studiar er ikkje «nøytrale» følt der det er fullstendig fagleg semje om kva som er god forsking eller kva som er riktig. Vi har til dømes diskusjonar om kva som utgjer kanon, kven som bør vere representert på pensum i litteraturemna, kva som er relevante tolkingar av verk og kva for nokre teoriar eller perspektiv på teori som er gyldige eller gode. Og som demonstrert følgjer utviklinga av lærebokverka fagfeltet elles i teoretisk tilnærming. Analysen min viser at ein artikkel på SNL kan vere ein plass for å utøve makt ved å presentere dei delane av eit felt som passar best til sin eigen posisjon. SNL demonstrerer at forsking aldri er fullstendig nøytral og verdifri.

Det er eit sjangerkrav frå SNL at artikkelen «er balansert og uten et implisitt verdisyn». Men dette kan ein argumentere for at artikkelen til Bjerck Hagen bryt med fordi han er ladd med ei haldning om at innvendingane mot Ibsen burde vege tyngre enn det dei har gjort og gjer i dag. Dette gjer summen av resepsjonen ubalansert. I tillegg er det altså slik at artikkelen reproduserer feil.

Dette kan ein knyte til den personlege etosen til Bjerck Hagen. Han er altså fagansvarleg på Store norske leksikon for fem kategoriar. Som professor i allmenn litteraturvitskap og litteraturkritikar er dette openberty ei rolle han er kvalifisert til. Hagen har gitt ut ei rekke bøker, mellom andre *Hvordan lese Ibsen? Samtalen om hans dramatikk 1879-2015*. Denne faglege tyngda styrker Hagen sin personlege ethos gjennom forstandighet og dygd – han er ein høveleg avsendar på dette området. Men dette gjer han ikkje nødvendigvis til ein

nøytral avsendar. Han er ein forskar på Ibsen-feltet blant mange andre, med sine perspektiv og verdisett. Og i denne samanhengen er det spesielt to moment ved Bjerck Hagen sin posisjon i Ibsen-feltet som det er relevant å vite om og som påverkar korleis eg opplever bodskapen av artikkelen.

Det første momentet gjeld korleis Bjerck Hagen stiller seg til fagfeltet og Ibsen-forskinga for øvrig. Han presenterer som nemnd haldningane sine til Ibsen og resepsjonen hans i *Hvordan lese Ibsen?* Her viser Bjerck Hagen mellom anna til eit skilje mellom «den historiserende førkrigskritikken og den mer teoretiserende etterkrigskritikken» og at han «oppvurderer førstnevnte og ser tydelig begrensningene i sistnevnte» (Hagen, 2015, s. 7). Bjerck Hagen analyserer utvalt kritikk av fem verk: *Et dukkehjem* (1879), *Gengangere* (1881), *En folkefiende* (1882), *Vildanden* (1884) og *Rosmersholm* (1886). På bakgrunn av dette meiner han at det for det meste er best innsikter i samtidskritikken og fram til andre verdskrig. Gjennom fem kapittel argumenterer han for at teoretiske innsikter og omgrep overstyrer lesinga av det empiriske materialet og at denne «teorismen» er ein gjennomgåande svakheit i etterkrigstida si Ibsen-forsking og litteraturkritikk (s. 170).

I boka finn eg òg igjen noko av kritikken som Bjerck Hagen viser til i artikkelen på SNL. Her kan vi til dømes lese om karakterane sitt manglande truverd og «manglende motivering av deres handlinger» (Hagen, 2023 og 2015). Dessutan finn eg same sitat frå Bjørnson, som skal underbygge dette, i både boka til Hagen og i artikkelen på SNL «[A]t Nora (der lyver, og hvem er verdensklogere end de, der lyver?) ikkje skulde vide, hvad Vekselfalskning er for noget, er sterkt svigtende.» (Bjørnson, i Hagen, 2023 og 2015, s. 118). Dette er ikkje ein kritikk av at Bjerck Hagen nyttar eige arbeid i artikkelen som han skriv på SNL, men eg meiner det gjer artikkelen mindre nyansert og nøytral som ei framstilling av Ibsen-feltet.

I *Hvordan lese Ibsen?* plasserer Bjerck Hagen seg sjølv i ei forlenging av «hovedlinjen i norsk Ibsen-forskning som går fra våkne kulturradikale kritikere som brødrene [Edvard og Georg] Brandes, [Erik] Vullum og [Amalie] Skram via brillante teaterkritikere som [Sigurd] Bødker og [Gunnar] Heiberg og frem til [Gerhard] Gran, [Halvdan] Koht og [Francis] Bull» (Hagen, 2015, s. 47). Dette er den tidlege, realistisk orienterte forskingstradisjonen, og her kjem det fram at han meiner innsiktene til forskrarar og kritikarar frå 1800-tallet er like gode eller betre enn dei fleste nyare Ibsen-forskarar, og at den beste Ibsen-kritikken er den som kom før andre verdskrig (Hagen, 2015, s. 9–11).

I ei melding av boka stiller Vigdis Ystad spørsmålsteikn ved kvifor Bjerck Hagen ikkje har inkludert yngre Ibsen-forskarar og opplever det slik at ingen av desse når opp til Bjerck Hagen sine tidlegare, realistiske førebilete (Ystad, 2015, s. 340).

Ellen Rees (2015) drøftar Bjerck Hagen si posisjonering i ei bokmelding av *Hvordan lese Ibsen?*. Ho skriv at han skaper eit narrativ om litteraturstudiar der det er lite verdifull forsking etter 1970 og at boka forsøker å bevise dette med bruk av det ho meiner er eit dårlig grunngitt utval av Ibsen-kritikken (Rees, 2015, s. 99). Bjerck Hagen skriv sjølv at boka hans er «like mye en bok om norsk forsknings- og kritikkhistorie som om Ibsen» (2015, s. 9).

Kritikken frå Ystad og Rees handlar om metodiske val og teorisynet til Bjerck Hagen. Først gjer han greie for kva han sjølv meiner om kvart av skodespela, og så refererer han til kva nokre utvalde forskarar og kritikarar har sagt om dei. Bjerck Hagen sin eigen lesnad av verka vert ein målestokk for kva som er gode eller dårlige lesnader hjå samtidige kollegaer (Ystad, 2015, s. 338). Han tar òg, i hovudsak, berre for seg norske forfattarar frå vår eiga samtid og slik utelet han store delar av forskingsfeltet (Rees, 2015, s. 100). Ystad og Rees kritiserer Bjerck Hagen for den nokså gjennomgåande avvisinga av at metodiske og teoretiske fornyingar kan bidra med noko substansielt nytt i forståinga av Ibsen sitt velkjende forfattarskap og (2015, s. 339; 2015, s. 101). Basert på denne kritikken og sett i samanheng med analysane mine av artikkelen hans på SNL, vil eg argumentere for at posisjoneringa til Bjerck Hagen kan forklare kvifor han ikkje har oppdatert artikkelen sin på SNL etter den nyaste forskinga.

For faktum er at det har skjedd mykje nytt og i Ibsen-forskinga, spesielt når det gjeld biografien, dei siste åra. Haave, som artikkelen på Wikipedia viser til, er berre eitt av fleire bidrag til dette. Det heile starta med Ivo de Figueiredo sin todelte Ibsen-biografi: *Mennesket og masken* (2006 og 2007), som kom med ei rekke nye innsikter til denne. Dette sette i gang arbeidet med artikkelsamlinga *Den biografiske Ibsen* (Sæther et al., 2010), *Den smilende Ibsen* (2010) av Ståle Dingstad og «-af stort est du kommen» av Jon Nygaard (2013). Haave sitt bidrag er altså berre eitt i ei lang rekke av bidrag som kjem med nye opplysingar om Ibsens liv som avdekker fleire feil og misforståingar i tidlegare forsking.

Jørgen Haave (2017), som vert referert til i Wikipedia, skildrar mytane om Ibsen sin barndom og familie i *Den biografiske Ibsen*. Han skriv at spesielt framstillingar frå Oskar Mosfjeld frå 1949 har lagt premissa for forståinga vår av kva grunnstemningar som prega Ibsen sin barndom. «Mytene om Ibsen» er ein inngåande gjennomgang av Mosfjeld sin biografiske undersøking der Haave dokumenterer det svake kjeldegrunnlaget desse mytane er bygd på. Haave skriv: «Mosfelds pionesarbeid fra 1949 er uten tvil den mest komplette

oversikt over kildene til vår kunnskap om Ibsens barneår» (s. 104). Men kjeldene han har nyttet er i stor grad munnlege. Dette svekker truverdet deira fordi det er vanskeleg å dokumentere det dei seier. I tillegg kjem Mosfjeld med sterke påstandar utan å vise til kjelder (s. 104). Haave skriv at «Det er ikke lett å se hvor Mosfjeld tar dette fra, men den biografiske litteraturen som kommer etter Mosfjeld synes i stor utstrekning å stole på utsagnene. (...) (Koht, 1954, 12)» (Haave, 2010, s. 105). Haave drøftar òg grunnlaget for at mytane vert videreformidla i så stor grad: «Det kan synes som om framstillingen av familiens skjebne danner en tilstrekkelig tragisk ramme for å oppfylle biografikonvensjonene om at store genier vokser opp og ut av en forferdelig barndom» (2010, s. 108). Dette heng saman med at Mosfjeld høyrer til den historisk-biografiske tradisjon og metode og har stor tru på at biologisk arv kan forklare kreativiteten og inspirasjonen til ein diktar (Haave, 2010, s. 108).

Det andre momentet ved Bjerck Hagen sin posisjon som eg vil peike på er at han ser ut til å ha som prosjekt som forskar og litteraturvitar å løfte Bjørnstjerne Bjørnson fram for at fleire skal lese han. Dette er til dømes målet hans i boka *Livets overskudd. Bjørnstjerne Bjørnsons glemte kvaliteter* (2013). I meldinga si av boka peikar Helge Rønning på at det berre er éin forfattar som Bjerck Hagen systematisk samanliknar med Bjørnson gjennomgåande, og det er Ibsen. Samanlikninga er ikkje til Ibsen sin fordel og det er svakheitene ved Ibsen sine drama, samanlikna med Bjørnson sine, som vert trekt fram. Døme er *En fallit* og *Samfundets støtter*, *Det ny system* og *En folkefiende*, *Daglannet* og *Bygmester Solness*. Heile tida peikar Bjerck Hagen på svakheiter ved Ibsen. Og Rønning spør: «blir Bjørnson bedre av å gjøre Ibsen dårligere?» (Rønning, 2013, s. 257). Poenget er ikkje at kritikken viser at Bjerck Hagen sin posisjon er feil eller mindre god. Poenget er at det er ein posisjon blant mange og at det er denne som får mest plass i artikkelen på SNL.

Bjerck Hagen si bok om Ibsen er basert på grundige resepsjonsanalysar og argumenta han legg fram er legitime argument for ein forskar i nordisk litteratur å presentere. Men dei er òg uttrykk for eit litteraturfagleg standpunkt. Å oppsummere det i ein artikkel på SNL og dermed presentere ei resepsjonshistorie som passar inn i Bjerck Hagen si eiga linje er ikkje ei nøytral framstilling.³

³ Eg vil gjere lesaren merksam på eit blogginnlegg frå 2013 der forfattaren påpeikar to av dei same tinga som eg gjer i denne oppgåva. For det første at artikkelen på SNL endra seg til å bli meir kritisk etter at Bjerck Hagen tok over ansvaret for den. Og for det andre at Bjerck Hagen sine haldningar til Bjørnstjerne Bjørnson skin igjennom i teksten. Eg er altså ikkje den einaste som har merka meg dette. Lesaren kan finne blogginnlegget her: Helt grei litteratur. (2013, 10. sept). Rosmersholm, av Henrik Ibsen. <https://heltnitteratur.wordpress.com/2013/09/10/-rosmersholm-av-henrik-ibsen/>

Det er sannsynleg at denne posisjonen til Bjerck Hagen kan vere årsak til to delar av bodskapen på SNL, som gjer at eg ikkje vil kalle dette for nøytral litteraturformidling. For det første at hovudvekta av resepsjonen på SNL er viggd til Ibsen sine kritikarar og at han her brukar eit langt avsnitt på Bjørnson sin kritikk av Ibsen. Artikkelen påpeikar òg at Bjørnsons *En falitt* var del av grunnen til at Ibsen starta med det realistiske samtidsdrama («Henrik Ibsen», SNL, 2023). Og for det andre at den ikkje formidlar nyare forsking frå fagfellar, men heller reproduserer mytar om familien Ibsen.

Tidlegare i denne oppgåva har eg peika på trekk ved SNL-artikkelen som eg meiner gjer han lite orientert mot mottakaren, det eg trur er målgruppa. Utover dette er det ikkje eit poeng i denne oppgåva å kritisere eller gi ei vurdering av Bjerck Hagen som formidlar av Ibsen. Det er heller å peike på at han som litteraturforskar plasserer seg i ein tradisjon og at han difor ikkje er ein nøytral avsendar. Han presenterer éin bodskap og det er fleire bodskapar i fagfeltet som leсaren ikkje får gjennom denne artikkelen. Å skrive på SNL gir fagpersonar diskursiv makt på sine felt og det påverkar informasjonen som skulelevar finn. Dette er eit tankekors for litteraturformidlinga.

For uavhengig av kva grunnen til ubalansen i artikkelen er, viser dette at det kan vere problematisk når ein person åleine har ansvar for tekstar. SNL er alltid knytt til ein person, og personar har verdiar og mål. Dette demonstrerer – som Grue (2007) understrekar – korleis ein personleg ethos kan kome i konflikt med ein institusjonell ethos.

Eg har argumentert for at det er institusjonane bak som gir artiklane dei innleiande etosane – som eg meiner dei har – og at SNL sin er sterkare enn Wikipedia. Eg meiner at samspelet mellom eit sterkt innleiande institusjonelt og den personlege etosen til dei fagansvarlege der gjer at ein forventar at artiklane på SNL er truverdige og pålitelege kjelder til informasjon. At artikkelen på Wikipedia både kan seiast å vere mest informativ og mottakarorientert, mest riktig og sterkest kopla til nyare Ibsen-forskning, gir teksten ein sterkare ethos. Men, Wikipedia har ein svakare innleiande institusjonell ethos og anonymiteten i artiklane gjer det vanskeleg å skildre nokon personleg ethos. Anonymiteten deira gjer at vi ikkje kan vite heilt om dei har ein agenda. For alt vi veit kan det vere Jørgen Haave sjølv som har lagt inn biten om fagleg revurdering i Wikipedia-artikkelen. At det er anonyme forfattarar, vekker skepsis til partiskheit og reiser spørsmål om habilitet. Dermed vert artikkelen her i størst grad kopla til ein institusjon som har mange fordommar og skepsis knytt til seg. Og det gjer at sjølv om artikkelen om Henrik Ibsen på fleire måtar er meir nøytral, informativ og mottakar-orientert på Wikipedia, så er etosen til SNL sterkare.

6.7 Er nøytral litteraturformidling mogleg?

Til slutt i denne drøftinga av etos passar det med ein diskusjon av det siste omgrepssparet frå Ridderstrøm et al., nemleg litteraturformidlinga si verdivurdering og kvalitetskontroll (2015, s. 33). Alle ytringar om kulturelle verk er del av ein større diskurs om verdien deira for samfunnet og den enkelte. Formidling har tradisjonelt hatt eit mål om folkeopplysning, å vidarebringe opplysing og danning, og av dette følgjer eit krav og eit mål om ein viss fagleg kvalitet. Det er lett å sjå kontaktpunktet mellom dette og leksikona sine prosjekt for folkeopplysning og demokratisering av kunnskap. Formidlingssituasjonar gir diskursiv makt til formidlaren og med denne makta følgjer eit ansvar både overfor produsenten av verket og overfor publikum (Ridderstrøm et al., 2015, s. 33).

Både SNL og Wikipedia har som mål at artiklane skal vere nøytrale og verdifrie, og dette må vel vere målet for eit leksikon. Men litteraturformidling handlar òg om å fortolke og vidareformidle kunnskap for eit publikum. Denne tolkinga og arbeidet med litteraturen må nødvendigvis vere gjort av personar og dette peikar mot at det er noko subjektivt ved det, i alle fall at det *kan* vere det. Analysen min viser at i dette tilfellet er det jo verkeleg ein personleg etos til stades som påverkar bodskapen i artiklane. Gjer dette paradokset at litteraturformidling i leksikonformat kanskje er ekstra utfordrande?

Problemet med SNL er at ein enkelt forskar får makt til å presentere ein versjon av Ibsen som han meiner er riktig eller god. Problemet med Wikipedia er at kravet om å referere til kjelder ikkje vert etterlevd i så stor grad at alt innhald har referanse. I dette tilfellet er det fleire passasjar med vurderingar av karakterar og stykke som står utan kjelde. Dette er problematisk å bruke fordi lesaren ikkje kan vite kven som er avsendar. Grunnlaget for informasjonen på både SNL og Wikipedia ligg i versjonsloggar som det er krevjande å setje seg inn i og det er komplekse prosessar i institusjonen som ligg bak, ikkje berre ein personleg avsendar. Wikipedia er meir demokratisk, meir gjennomsiktig og meir effektivt. I dette tilfellet viser det seg òg at litteraturformidlinga er meir mottakarorientert, relevant, nøytral og fagleg orientert. Men det er ein stor styrke ved SNL at vi faktisk ser kven avsendarane er og kan kreditere dei. På Wikipedia kan det at det er fleire forfattarar, fleire kjelder og meir gjennomsiktigkeit i vala ein har teke vere med på å gjøre bodskapen meir nøytral, slik at han ikkje hallar mot eit spesielt verdisyn.

7 Avslutning

Bakgrunnen for denne oppgåva var eit ønske om å undersøke ein av dei plassane der litteraturen «verkar» på samfunnet vårt, ein plass dei fleste skulelevar og andre oppsøker når dei lærer om litterære klassikarar som Henrik Ibsen, nemleg i litteraturformidlinga på nettleksikon. Artiklar på Wikipedia og Store norske leksikon vert nytta i kvardagen av skulelevar som skal skrive oppgåver i norsk og av andre, som tanta mi, som plutselig oppdagar eit kunnskapsbehov. Men her på universitetet vert vi åtvara mot å nytte spesielt Wikipedia. Funna i denne oppgåva nyanserer førestillinga om Wikipedia som ei upåliteleg kjelde «full av tull» og forståinga av SNL som ei kjelde til nøytral forskingsformidling.

Eg vil avslutte med å vise tilbake til spørsmålet som eg stilte i introduksjonen: Har det verkeleg noko å seie korleis litteratur vert formidla på nett? Svaret mitt er openert at ja, funna i oppgåva peikar mot og er ei stadfesting av kunnskapen vår om at måten informasjon vert presentert og formidla på har verknader.

Eg har argumentert for at mottakarane får ein meir pedagogisk, opplysande og fagfelt-representende artikkel om Ibsen på Wikipedia enn SNL. Dersom universitetet og skulen skal fråråde bruk av Wikipedia, meiner eg SNL bør verte oppdatert og følgje academia sine krav om å nytte referansar. I forlenging av dette ville det vore interessant å vite korleis det står til med artiklar om andre store forfattarar eller tema innanfor nordisk litteratur. Kanskje kan ein finne fleire døme på at fagansvarlege har ein så tydeleg posisjon som kjem til syne i teksten på SNL og at den personlege etosen kjem i konflikt med den institusjonelle. Kanskje kunne ein samanlikna artiklar om klassiske forfattarar med artiklar om nyare forfattarar som det ikkje har blitt skrive og meint like mykje om. Her er det potensiale for fleire analysar av litteraturformidling og etos.

Som lektorstudent er eg oppteken av korleis universitetsfaget nordisk fungerer i skulen, fordi dette for dei fleste er inngangen til kunnskap om og interesse for litterære klassikarar. Ibsen er ein naturleg del av norskfaget og trass i at han ikkje står i læreplanverket lenger, er han sentral i ein «skjult kanon» i skulen. I norskimane vert grunnlaget lagt for korleis ein møter tekst og litteratur seinare i livet og her vert nettleksikon mykje brukt av elevane. Etter kvart som læreboka mistar sin status til fordel for internett, som er meir tilgjengeleg for elevane, og ettersom fleire skular vel å ikkje ha lærebøker, verken fysisk eller som nettressursar, vert det desto viktigare å kunne finne og vurdere informasjon på nett. Som lærar vil eg nytte innsiktene frå arbeidet med denne oppgåva i eiga undervising. Eg meiner det både er relevant for elevane å vite korleis nettleksikona fungerer, korleis vi kan vurdere

avsendarar på nett og å vise dei korleis dette heng saman med innhaldet i artiklar. Dette kan bidra til fleire kompetente lesarar av forskingsformidling på nett.

Diskusjonane i denne oppgåva er altså openbert relevant for leseferdigheiter og digitale ferdigheiter, som er to av dei fem grunnleggjande ferdighetene i overordna del av læreplanen LK20. Vidare er det fleire delar av læreplanen som fordrar retorikk- og sakprosakompetanse, som evne til kritisk tenking og å vere ein aktiv medborgar. Og i læreplanen for norsk finn vi denne kompetansen i kjernelementa «tekst i kontekst» og «kritisk tilnærming til tekst» (Utdanningsdirektoratet, 2020). Alle desse ferdighetene og læringsmåla legg grunnlaget for korleis ein møter og nyttar tekst og litteratur seinare i livet. I norskfagleg samanheng styrker dette sakprosaen si rolle i forhold til skjønnlitteraturen. Men denne oppgåva demonstrerer korleis ferdigheiter som vi knyt til sakprosa- og retorikk-kompetanse òg er relevante når vi studerer skjønnlitterære klassikarar som Ibsen.

8 Litteratur

Anbefalinger og retningslinjer. (2023, 15. Januar). I *Wikipedia*.

https://no.wikipedia.org/wiki/Wikipedia:Anbefalinger_og_retningslinjer

Asdal, Gundersen, T. R., Jordheim, H., Berge, K. L., Gammelgaard, K., Rem, T., & Tønnesson, J. L. (2008). *Tekst og historie: å lese tekster historisk*. Universitetsforlaget.

Asprusten, D. T. (2022, januar). Jeg fant 180 faktafeil i Store norske leksikon i 2021.

Aftenposten. Henta frå <https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/nWnPmX/jeg-fant-180-faktafeil-i-store-norske-leksikon-i-2021>

Berg, S. F. (2022). Leksikon. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/leksikon>

Beskyttede sider. (2023, 28. april). I *Wikipedia*.

https://no.wikipedia.org/wiki/Spesial:Beskyttede_sider?namespace=0&type=edit&level=0&size-mode=min&size=

Bloom, H. (1996). *Vestens litterære kanon: Mesterverk i litteraturhistorien*. (J. B. Gundersen, Oms.). Gyldendal Norsk Forlag. Henta frå

<https://www.nb.no/items/7cc5fbf53dad4744ad56b41fca22646f?page=7&searchText=the%20western%20canon>

Cap, C. H. (2012). Towards Content Neutrality in Wiki Systems. *Future Internet*, 4, 1086–1104. <https://doi.org/10.3390/fi4041086>

Dingstad, S. (2010). Mytene etableres. I A. Sæther, S. Dingstad, A. Kittang og A. M. Rekdal (Red.). *Den biografiske Ibsen* (s. 79–102). Acta Ibsennia.

Dingstad, S. (2013). *Den smilende Ibsen: Henrik Ibsens forfatterskap - stykkevis og delt*. Senter for Ibsen-studier.

Due, S. N. (2018). *Hva står det egentlig på Wikipedia? - En kvalitativ innholdsanalyse av artikkelpar fra Wikipedia og Store norske leksikon*. [Masteroppgåve, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet]. NTNU Open. https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2687151/MSAMF_Due2018.pdf?sequence=1&isAllowed=y

Eco, U. (1979). Introduction. The Role of the Reader. I *The Role of the Reader: Explorations in the Semiotics of Texts* (s. 3-43). Indiana University Press.

Fagansvarliginstruks. (2023, 12. april). I *Store norske leksikon*.

<https://meta.snl.no/Fagansvarliginstruks>

Figueiredo, I. de. (2019). *Henrik Ibsen: mennesket og masken*. Aschehoug.

Forfatterveiledning. (2023, 15. januar). I *Store norske leksikon*.

<https://meta.snl.no/Forfatterveiledning>

Fuller, S. (2011). Can Science Survive its Democratisation? *Logos & Episteme*, 2(1), 21–31.

<https://doi.org/10.5840/logos-episteme20112146>

Grue, J. (2007). Filmanmeldelsens retorikk. Personlig ethos, institusjonell ethos og persona.

Rhetorica Scandinavia. Henta frå

<https://www.retorikforlaget.se/da/filmanmeldelsens-retorikk/>

Gunleiksrud, K. (2005, 28.april). Er dette et kunnskapsløft? *Dagbladet*. Henta frå

<https://www.dagbladet.no/kultur/er-dette-et-kunnskapsloft/66090061>

Haave, J. (2010). Myter om Ibsens barndom. I A. Sæther, S. Dingstad, A. Kittang og A. M.

Rekdal (Red.). *Den biografiske Ibsen* (s. 103–118). Acta Ibsennia.

Haave, J., & Telemark museum. (2017). *Familien Ibsen*. Museumsforlaget. Telemark museum.

Hagen, E. B. (2013). *Livets overskudd: Bjørnstjerne Bjørnsons glemte kvaliteter*. Gyldendal.

Hagen, E. B. (2015). *Hvordan lese Ibsen?: samtalen om hans dramatikk 1879–2015*.

Universitetsforlaget.

Harstad, L. (2005, januar). – Som kristendom uten Jesus. *Nationen*, s. 28–29. Henta frå

<https://www.nb.no/items/6dfdef306033360183fc7da9744be1b1?page=27&searchText=nationen>

Henrik Ibsen. (2005, 15. desember). I *Wikipedia*.

https://no.wikipedia.org/w/index.php?diff=71154&oldid=71150&title=Henrik_Ibsen&diffmode=source

Henrik Ibsen. (2005, 9. desember). I *Wikipedia*.

https://no.wikipedia.org/w/index.php?diff=463855&oldid=460631&title=Henrik_Ibsen&diffmode=source

Henrik Ibsen. (2005, 3. februar). I *Wikipedia*.

https://no.wikipedia.org/w/index.php?diff=1773152&oldid=1773136&title=Henrik_Ibsen&diffmode=source

Henrik Ibsen. (2009, 14. februar). Versjon 1. I *Store norske leksikon 2005–2007*.

<https://snl.no/versionview/96606>

Henrik Ibsen. (2016, 23. oktober). I *Wikipedia*.

https://no.wikipedia.org/w/index.php?title=Henrik_Ibsen&diff=prev&oldid=16837225

Henrik Ibsen. (2023, 1. januar). I *Wikipedia*. https://no.wikipedia.org/wiki/Henrik_Ibsen

Innholdspolitikk. (2023, 15. Januar) I *Wikipedia*.

<https://no.wikipedia.org/wiki/Wikipedia:Innholdspolitikk>

Jemielniak, D. & Aibar, E. (2016). Bridging the Gap between Wikipedia and Academia.

Journal of the Association for Information Science and Technology, 67(7), 1773–1776. <https://doi.org/10.1002/asi.23691>

Jørgensen, B. I. (2019). Seriffer og sjiraffer. Stilistikkens plass i akademisk skriving. I B. I.

Jørgensen og N. Askeland (Red.). (2019). *Kreativ akademisk skriving* (s. 104–125).

Universitetsforlaget. <https://doi.org/10.18261/9788215031613-2019-06>

Kandal-Wright, O. V. (2023, januar). *Lest over 6 mill. ganger på SNL*. På høyden.

<https://pahoyden.no/erik-bjerck-hagen-lars-egil-helseth-margareth-hagen/lest-over-6-mill-ganger-pa-snl/124889>.

Keen, A. (2007). *The cult of the amateur: how today's Internet is killing our culture*.

Doubleday/Currency.

Kissling, M. (2011). A call for Wikipedia in the Classroom. *Social Education*. 75(2), 60–64.

Henta fra <https://www.learntechlib.org/p/52767/>

Lanier, J (2006, 29. mai). *Digital maoism: The Hazards of the New Online Collectivism*.

Edge.org. https://www.edge.org/conversation/jaron_lanier-digital-maoism-the-hazards-of-the-new-online-collectivism

Lanier, J. (2011). *You are not a gadget: a manifesto*. Penguin.

Lund, A. C. (2011). *Mot alle odds*. [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo]. DUO vitenarkiv.

<https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/27340/LundMaster2011.pdf?sequence=2&isAllowed=y>

Luyt, B. & Tan, D. (2010). Improving Wikipedia's credibility: References and citations in a sample of history articles. *Journal of the American Society for Information Science and Technology*, 61(4), 715–722. <http://doi.org/10.1002/asi.21304>

Norsk biografisk leksikon. (2023). Om Norsk biografisk leksikon – NBL. I *Store norske leksikon*. <https://nbl.snl.no/>

Nygaard, J. (2013). «-af stort est du kommen»: *Henrik Ibsen og Skien*. Senter for Ibsenstudier.

O'Sullivan, D. (2009). *Wikipedia: A New Community of Practice?* Ashgate Publishing Limited.

Oterholm, K., & Tveit, Åse K. (2010). Verdier i bevegelse. Litteraturformidlingen, bibliotekar- profesjonen og utdanningen. *Dansk Biblioteksforskning*, 6(1), 5–14. <https://doi.org/10.7146/danbibfor.v6i1.97418>

- Rees, E. (2015). Hvordan lese Ibsen? Samtalens om hans dramatikk 1879–2015. *Ibsen Studies*, 15(1), 99–102. Routledge. <https://doi.org/10.1080/15021866.2015.1099862>
- Ridderstrøm, H. og Vold, T. (Red.). (2015). Teoretiske perspektiver. *Litteratur- og kulturformidling: Nye analyser og perspektiver*. Pax Forlag.
- Ridderstrøm, H., Skjerdinggaard, K. I. og Vold, T. (2015). Kulturformidlingens hva, hvordan og hvorfor. I H. Ridderstrøm og T. Vold (Red.), *Litteratur- og kulturformidling: Nye analyser og perspektiver* (s. 15–37). Pax Forlag.
- Rønning, H. (2015). Erik Bjerck Hagen: Livets overskudd. Bjørnstjerne Bjørnsons glemte kvaliteter. *Edda*, 102(3), 254–257. <https://doi.org/10.18261/ISSN1500-1989-2015-03-08>
- Shirky, C. (2008). *Here comes everybody: the power of organizing without organizations*. Penguin.
- Skaug, S., & Blikstad-Balas, M. (2019). Hele tekster versus utdrag – hvilke tekster velger norsklærerne? *Nordic journal of literacy research*, 5(1), 85–117.
<https://doi.org/10.23865/njlr.v5.1566>
- Stenstad, F. (2006, 02.desember). Henrik Ibsen, hvem er det? *Aftenposten*. Henta frå <https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/5GwxK/henrik-ibsen-hvem-er-det>
- Store norske leksikon. (2023). Om Store norske leksikon. I *Store norske leksikon*.
<https://snl.no/>
- Sæther, A., Dingstad, S., Kittang, A., Rekdal, A. M., Possing, B., Fulsås, N., Nygaard, J., Haave, J., Hanssen, J. M., Brynhildsvoll, K., Larsen, P., & Edvardsen, E. H. (2010). *Den Biografiske Ibsen*. Senter for Ibsen-studier, Universitetet i Oslo Unipub.
- Tønnesson, J. L. (2001). *Vitenskapens stemmer*. Norsk sakprosa i samarbeid med Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening.
- Universitetet i Oslo. (2023). Litteraturformidling (studieretning). Henta 26.05.2023 frå: <https://www.uio.no/studier/program/nordisk-master/studierninger/littform/>
- Utdanningsdirektoratet. (2020). *Overordna del – Grunnleggjande ferdigheiter*. I Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/prinsipper-for-laring-utvikling-og-danning/grunnleggende-ferdigheter/>
- Vandalisme. (2023, 15. Januar). I *Wikipedia*.
<https://no.wikipedia.org/wiki/Wikipedia:Vandalisme>
- Vestrheim, G. (2018). *Klassisk retorikk*. Dreyers forlag.
- Wikipedia: Om. (2023) I *Wikipedia*. <https://nn.wikipedia.org/wiki/Wikipedia:Om>

- Ystad, V. (2005). Henrik Ibsen. Norsk Biografisk Leksikon. I *Store norske leksikon*
https://nbl.snl.no/Henrik_Ibsen
- Ystad, V. (2015). Erik Bjerck Hagen om Ibsen som emosjonell tilfredsstillelse: Hvordan lese Ibsen? Samtalen om hans dramatikk 1879–2015. *Edda*, 102(4), 337–343.
<https://doi.org/10.18261/ISSN1500-1989-2015-04-08>
- Zahl, S. (2009). *Komparativ undersøkelse på naturfaglige artikler, med fokus på faglig kvalitet. Wikipedia vs. Store Norske Leksikon*. [Masteroppgåve, Nord universitet]. Nord Open Research Archive. <https://nordopen.nord.no/nord-xmlui/handle/11250/145766>

Figurar og illustrasjonar

Bleken, H. (1987). *Manuskriptet brennes* [Litografi]. Frå Mappeverket «Hedda Gabler», utgitt av Edouard Weiss, Paris. Bilete henta frå Blomquist auksjonshus:
<https://www.blomqvist.no/auksjoner/kunst/grafikk/bleken-hakon/684237>

Figur 1: Interaktiv versjonslogg på Wikipedia. (2023, 29. mai). Skjermdump frå https://no.wikipedia.org/w/index.php?diff=21221470&oldid=21213216&title=Henrik_Ibsen

Figur 2: Versjonslogg på Store norske leksikon. (2023, 29. mai). Skjermdump frå https://snl.no/.versionviewdiff/497202?last_published=497202&selected_version=14 og https://snl.no/.versionviewdiff/497202?last_published=497202&selected_version=14

Figur 3: Presentasjon av artikkelforfattar på Store norske leksikon. Henta frå Hagen, E. B. (2023, 21. april). Henrik Ibsen. I *Store norske leksikon*. Skjermdump frå https://snl.no/Henrik_Ibsen